

# Målmannen

## Suderøy

Av Hans Reynolds

Vest det ber ein sumardag,  
sjøen han er blank og blå,  
skuta ho hev Bretlands flagg,  
inkje vårt med krossen på.  
--Leidi her dei kjende godt  
Håkon gamle, Magnus drott!

Øy i øy og tind i tind...  
ligg Icolmkill i vår kos --  
kjem med drag av morgonvind  
helsing heim til Nidaros?  
Hovding frå vår forntid stor  
kvil deg her i heilag jord.

Høyrrer enn frå folkemunn,  
gløymt er ei vår sogebok:  
"Her er eingong norrøn grunn,  
Harald konge landet tok!"  
Ljoshærd møy med augo blå  
du her ute enn kan sjå.

Her dei rauste feder for,  
slo for Noreg mangt eit slag,  
synte dug og framferd stor,  
so det kveikjer oss i dag,  
Suderøy og Sumarlid  
--Minne frå vår stormagts-tid!

Lewis -- Noregs vestre vakt,  
fyrr enn brøytet det kom på...  
Lyder landet framand magt,  
norrøn hug det hev endå.  
Gode frendar, mann og møy,  
Noreg helsar Suderøy.

*Vers på Vesterveg, s. 94-95,  
Norrønlaget Bragr 1985*

*Fotografi teke frå M/F Kommandøren.*

## Kulturkamp for Noreg

Byrjingi på 2009 hev atter ein gong sett spursmål kring Midausten, innvandring og og islam på dagsetelen. Tvo store og valdelege demonstrasjonar i Oslo skapa stor merksemd i riksavisone i januar. Målmannen reddast ikkje for å taka ordskitte som umveges kann knytast til demonstrasjonane. Men me kann bjoda på meir. Frode Jens Strømnes er psykolog og Marøy hev lese ei bok av Strømnes der han legg fram spanande teoriar for alle som er interesserte i nye innfallsvinklar til målstoda. Elles er det verd å merka seg at medvitet um det som skjedde for 200 år sidan kring Napoleonskrigane let til å vera like levande saga som det som skjedde under 2. heimskrigen. Det er i alle fall ingen tvil um at engasjementet er stort kringum i Skandinavia. Me attum Målmannen likar å koma med noko for kvar ein smak og vonar at ikkje alle les bladet like slavisk som ein av innsendarane våre som berre let til å vera på jakt etter stoff um språk. Like viktig som å skriva um målet er det å skriva på målet. God lesnad!

### I dette nummeret:

Arild Løvestad:	Merknader til "Moskøkamp i Köln"	s. 2
Lars Bjarne Marøy:	Leidar	s. 3
Lars Bjarne Marøy:	Tvo museum i vestfoldbyen Horten	s. 4
Jan Hårstad:	Den underjordiske krigen	s. 5
Bjarte Runderheim:	Um "betaling" og "betalt" og litt til	s. 6
Kenneth Kiplesund:	Ålmennkringkasting	s. 7
Lars Bjarne Marøy:	Europa markerar 200 år sidan napoleonskrigane	s. 9
Lars Bjarne Marøy:	Epokegerande bok um språk og kognitiv psykologi	s. 11
Hallgeir Dale:	Om innhaldet i bladet dykkar	s. 13
Lars Moe:	Slagmarksrock	s. 13
Thoralf Bergwitz:	Um stadnamn i Tokke	s. 14
Lars Moe:	Vikingrock Europa rundt	s. 15
Trygve Orheim:	Slaget ved Solskjel	s. 16

## Merknader til "Moskékamp i Köln"

Av Arild Løvestad

I sak er det ikkje så mykje å innvenda mot innhaldet i artikkelen "Moskékamp i Köln" som stod i Målmannen nr. 4/2008. Moskébygging har vori ei heit potet i mange europeiske land. Millom anna har vi sett dette i samband med byggjeløyve til ein stor moské i Köln i Tyskland. Der har protestane frå ulike grupper vori sterke og mange. Plassering og storleik på bygget har dryftast; ein prosess som alle byggeprosjekt lyt i gjennom. At moskémotstandarane i ordskiftet også har ført fram både reint antiislamittiske og allment innvandringsfiendte argument gjev meir grunn til ettertanke. Naturleg nok har nynazistane freista å rida på same stemningsbylgje.

Sume av moskémotstandarane har tydelegvis vanskeleg for å fatta at eit demokratisk land som Tyskland har religionsfridom. Landet har inga statskyrkje, og statsmakt er i prinsipp konfesjonsfri. Både tyskarar og utlendingar får byggja sine egne gudshus der dei kan dyrka egne religionar utan at dei bryt mot tysk lov. I Tyskland kan soleis mange innvandrarakar njota godt av ein demokratisk rett som mange av dei saknar i sine egne heimland.

Tysk rett og tysk lov gjeld for muselmanar òg. Frå fleire muslimske land utan demokrati og religionsfridom får vi dagleg høyra om strider millom ulike islamske trusretningar. For mange muslimar kan eit vestlege land med fred og religionsfridom kjennast som ein fristad.

Tyskland har i mange år vori eit innvandringsland. All innvandring har ikkje alltid vori problemfri, og det er ei allmenn oppfatning att mange vanskar botnar i segregering og arbeidsløyse. Styresmaktene skal no freista å taka igjen det dei tidlegare har forsømt og vil difor integrera innvandrarakarane så godt som råd er. I samsvar med offentleg politisk oppfatning skal alle innvandrarakar ha religionsfridom på like fot med det store folkefleirtalet i Tyskland. Tyske styresmakter vil ikkje gjera om tidlegare overgrep og mistak og meiner at fri religionsutøving høyrer med til integrasjon og samfunnsengasjement. Alt anna skulle berre eggja til motsetnader og skapa ytterlegare utanforskap. For muslimske innvandrarakar gjeld same synspunkt.

På bakgrunn av dette er det ikkje så merkeleg at fleire moskéar vert bygde med offentleg pengestønning. Vi veit at det finst mange muslimar i Tyskland (moskémotstandarane tykkjer tydelegvis altfor mange), og som andre innbyggjarar betalar dei òg skatt. Då er det kan henda ikkje så urimeleg att styresmaktene legg skattepengar i moskébyggingar òg. Alle er nok ikkje samde i dette.

Det er vanskeleg å få omgrep som demokrati og religionsfridom å gå i hop med dei argumenta ein kan sjå på heimesida til den



*Illustrasjonsfoto: Megamoskèen i Duisburg, med 23 meter høg kuppel og 34 meter høg minaret, vart som den fyrste i sitt slag opna 26. oktober 2008. Attum moskèen stend tyrkiske DITIB, dei same som skal byggja gigantmoské i Köln.*

oppøste motstandsørsla som finst mot moskébygging i Köln. Ein lyt difor stilla seg noko undrande til den gleda (eller skadegleda?) som kjem fram i artikkelen når det gjeld desse protestane. Det heile luktar islamofobi. Kva er det eigentleg som meinest?

Sjølvlært er det fritt for oss alle å tykkja det vi vil både om religionsfridom og islam. Men skal det vera "fritt fram" berre for ulike kristne truslærer? Skal alle ikkje-kristne religionar helst haldast utanfor vesterlandet, eller er det berre islam vi vil stengja ute? Bør vi til og med tykkja att ein søknad frå muslimar som ynskjer å byggja ein stormoské skal oppfattast som brot? Hadde vi tedd oss på same vis mot ein søknad om eit kyrkjebygg? Bør ikkje den same rett gjelda for Loke som for Tor? Ein skulle mest tru at borgarrettsørsla i Tyskland helst vil starta eit anti-islamittisk krosstog. Kan henda har islamistar som nyttar moskéar til å verva arbeidslause og dårleg integrerte ungdommar til terroristiske rørsler skapt denne motviljen mot islam. Men verving til terrorverksemd er klårt ulovleg. Slikt skal handsamast av politivesenet og høyrer ikkje heime i eit alvorleg ordskiifte om religionsfridom, islam og reising av moskéar.


No finst det sjølvsagt ein risiko for at eg ekstrapolerer innhaldet i artikkelen og soleis mistenkjer forfattaren for å ha meir ekstreme synspunkt enn han vil vedkjenna seg. Ei meir audmjuk haldning til innvandrarakar og ikkje-

kristne religionar enn den ein finn på heimesida til borgarrettsørsla i Köln skulle vera tiltalende. Her er det ikkje berre islam som skal svertast. Mange skulle nok tykkja att vi burde tenkja oss om fleire gonger innan vi går med i eit hylekor der vi risikerar å få spela på lag med personar med rett tvilsame oppfatningar om menneskeverde, demokrati og religionsfridom.

Fundamentalistar i alle læger er sjeldan interesserte i å setja seg inn i motpartens tankar og oppfatningar. Det som for andre kan te seg som rimelege jamstillingskrav, vert då til fandan som tek heile handi om han får littlefingen og prov på ynskjemål om parallellsamfunn i hjarta av ei kristleg og blåøygd vestleg verd. Er det ikkje ei liknande innstilling som ligg attom både gamal og ny antisemittisme og dagens forfylgning av kristne i nokre muslimske land? Det er vanskeleg å fylgja med på slik ferd.

Fordomar og diskriminering er gift i eit samfunn. Også i norsk historie finst døme på religionsforbod og utestenging. Vi kan berre minnst den striden Henrik Wergeland var tvungen å føra for over 150 år sidan så jødar kunne få koma inn i landet. Og dei eldre utav oss kan truleg minnst den tida då jesuittar var samfunnsfarlege personar som ikkje kunne sleppast inn i riket. I dag finst det knappast nokon som vil slå seg for brystet i slike saker.

Om vi menneske skal tolerera kvarandre og leva i fred, bør ikkje ei slik innstilling som den som kjem fram i denne artikkelen få stå uimotsagd. At eit høgnorsksblad som Målmannen rapporterer om nyhende rundt om i Europa og verda, er som det skal vera. Men at eit blad som slåst mot diskriminering på det språklege området til og med skal vera representert på ein anti-islamiseringskongress, kan vera vanskeleg å svelgja. Kan det vera klok politikk å motsetja seg jamstilling millom to store religionar og dermed radikaliserer moderate muslimar som i dag vil arbeida innanfor gjeldande lovverk?



**Hugsa bladpengane for  
2009!**

**Giro er stifta inn i bladet.**

## Kvifor er Målmannen skeptisk til islam?

Av Lars Bjarne Marøy

I dette nummert av Målmannen prentar me tvo lesarbrev um islam og Målmannen. Det er alltid viktig å høyra frå lesarane, og det høyrer med til ei sund utvikling av bladet å få slike reaksjonar. Me i bladstyret meiner at ytringar og ordskifte er den måten ein gjeng fram på når ein er usamd i noko. Me hev ikkje tru på profilering av dogmatiske synspunkt og rein avvising av motstridande synsmåtar. Lesarane av Målmannen kann vurderer det me skriv og det andre skriv um oss og sjølve gjera seg opp si eigi meining. Soleis skal me heller ikkje her gå konkret inn på kvart einskildpunkt i innleggi, men heller halda oss til prinsipielle spursmål. Det einaste me var i stuss på, var um utsegnu um Bergwitz burde prentast, men me trur at ho segjer meir um haldningi åt innsendaren enn um ein trugen medarbeidar gjennom mange år.

Kvifor er Målmannen skeptisk til islam? Dette spursmålet kann skiftast i tri. Dei religiøse sidone ved islam, dei politiske konsekvensane av islam og tilhøvet til Noreg som nasjonalstat og islam.

Noreg er i dag eit so gjennomsekularisert samfund at mange vil segja at kristendomen og islam er tvo religionar som godt kann vera jamstelde, og det spelar ingi rolla um ein gjeng i ein moske eller um ein gjeng i kyrkja. Dette er ei grov mistyding av islam. På minst tvo grunnleggjande punkt er kristendomen og islam i grunnleggjande konflikt. For det fyrste byggjer islam på at jødedomen og kristendomen tek i miss og hev forfalska den rette bodskapen. Det må islam gjera, for innanfor islam hev ein Allah som Gud. Muhammed er berre eit menneske og ein profet. Dette gjeng ikkje saman med kristendomen der Gud vert framstelt som ei treining. Dessutan var Jesus både Gud og menneske.

Medan kristendomen og jødedomen heng saman og kristendomen er ei vidareføring av jødedomen, er islam ein kontradiksjon av dei tvo hine. Det er òg difor at spori etter kristendomen og jødedomen i Midausten hev vorte so godt som utrudde.

For det andre byggjer kristendomen på at syndige menneske kann verta tekne til nåde og få ævelegt liv gjennom å endra livsførsla og livshaldning. Islam hev eit langt mindre positivt syn på dette. Underkastingi under Allah er det grunnleggjande. Det er Allah som avgjer korleis det skal gå med den einskilde. Ekstreme retningar som hev etter måten stor utbreiding meiner at den einaste visse vegen til eit trygt liv etter døden er martyrdomen gjennom heilag krig. Det er òg det som er grunnlaget for sjølvmondsbombarane. Dersom ein ikkje døyr i heilag krig, men derimot tek livet av seg, uppnår ein ingenting, men døyr ein i heilag krig, so uppnår ein meir enn gjennom all verdsens gode gjerningar.

Kravet um underkasting under Allah hev langt frå den same meiningi som innanfor kristendomen. Her er det berre snakk um å bøygja seg for ein autoritet. Medan Bibelen er full av ettervisingar av korleis Guds levereglar kann tena menneskeleg vokster og framgang, er Koranen

meir eigna til å skapa otte for kva som kann henda um ein ikkje fylgjer Allah sin vilje.

Korleis er tilhøvet millom islam og politikk? Islam skil ikkje millom religion og politikk. Det vil segja at i den mun det lukkast å dana ein islamsk stat - den komplette islamske stat finst ikkje, so kjem det til å vera ein stat som byggjer på at folket skal visa total underkasting under Allah. Sentrale prinsipp for eit demokrati er folkesuverenitet, maktfordeling og grunnleggjande rettstatsprinsipp. Desse prinsippi kjem til å vera underordna islam. Difor vil ikkje landi i Midt-Austen godkjenna menneskerettane på dei punkti der dei er i strid med islam. Folk kann gjerne velja sine eigne leidarar, so lenge det er leidarar som trur på islam, men dei som set seg mot underkastingi under islam, vil ikkje kunna stella til val. Sharia-lovgjevingi borgar for at det er dei koranskulerte som kann segja frå um korleis lovene skal tolkast, politikarane kann ikkje laga lover som er i strid med koranen. Borgarane kann helder ikkje venta å få oppfylt noko krav på rettshjelp og rettsvern som strid mot koranen. Når det gjeld handhevjingi av dei muslimske lovene so ser me at dei i ei rad høve fører til dødsstraff eller amputasjonar, og det berre for småe lovbrøt eller handlingar som me i Vesten ikkje ein gong vilde rekna for brotsverk.

Med eit fleirtal av islamsk truande i eit land kann ein alto ikkje sjå burt frå at rettsstatsprinsipp vert sette til sides og islamsk sharialovgjeving kjem inn i staden.

Noreg hev fram til i dag vore eit kristelegt land med humanistiske verdiar som hev dana utgangspunkt for klåre demokratiske prinsipp, og me hev eit positivt syn på menneske sine rettar til å dyrka sin eigenart språkleg og kulturelt.

Den humanistiske daningi hev opna for at me hev havt eit positivt syn på gresk filosofi. Me ottast ikkje for heidenske tankar eller tankar som er i strid med kristendomen. I periodar hev pietistar og puritanarar i Vesten freista å stengja teater og stogga eit mangfelt kulturliv. Men i røyndi er det ikkje moglegt å stogga korkje sokratiske spursmål eller greske komediar i ein open vestleg kultur. Vegen millom teater, bedehus og kyrkja er mogleg i Noreg.

Me skjemst heller ikkje av vår eigen norrøne og heidenske kultur, men les gjerne håvamål, Bibelen og holbergske komediar sida um sida. Me hev tolt å taka ordskifte um blasfemi kring Øverlands diktutfald eller romanane til Agnar Mykle og Jens Bjørneboe.

Innanfor islam finst det berre ein autoritet, koranen. Det som er i strid med koranen vert ikkje mykje påansa av leidande krefter i dei islamske kringværi. Ein Salman Rushdie eller ei Shabana Rehman, som er harmause etter våre verdiar, vert til fårlege religionskrenkjarar millom muslimar. I Nederland kann ein verta myrda for å kritisera islam. Dette er ikkje verdiar og handlingar som det norske samfundet kann kjennast ved. Dette er ikkje vår veg, og Målmannen vil gå ein annan veg.

## Målmannen

**Utgjevar:**

Samorganet Målmannen

**Tilskrift:**

Målmannen  
Njårds veg 10  
2214 Kongsvinger

**Bladstyrar:**

**Olav Torheim**  
olaveth@start.no  
Tlf 62 81 43 95  
Mobil 99 15 64 28

**Netstad:**

<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

*Målmannen fylgjer redaktørplakaten!*

Me vil ikkje avvisa folk sin rett til å tenkja og tru på noko anna enn oss, men me trur at det som er upparbeid som norsk kultur og norske kristne og humanistiske tradisjonar, fundert på våre eigne verdiar, hev ein kjerne av sanning i seg som me vil taka med oss vidare. Me trur at denne einskapen er grunnleggjande for det norske folket og at fleirtalet av det norske folket vil slutta upp um desse verdiane. Me vil ikkje tvinga nokon til å fylgja dei same verdiane som oss, men me vil heller ikkje fira på at dette er det som er hopehavsverdiane våre, og at dei som vil noko anna må gjera dette utanfor hopehavet.

Me trur soleis at det er rangt å gjeva innvandrarakgrunn fritak for nynorsk. Me trur det var rangt å avskipa det reine kristendomsfaget. Me trur det er rangt å jamstella kristendomen og islam. Difor meiner me at det er rangt å gjeva offentlege pengar til utøving av den islamske religionen i Noreg. Me meiner at innvandringi av muslimar til Noreg må haldast på eit minimum for å hindra at den norske kulturen og den kristelege arven vår vert argumentert burt med multikulturalistiske argument.

Me meiner at norske borgarar med innvandrarakgrunn må handsamast med den største respekt for det dei trur på, men me er imot å gjeva nokor gruppering serrettar som vert ein part av hopehavet. Alle må få dyrka sin religion og sine yvertydingar på beste måte. Me nektar ikkje muslimar eller folk frå andre religionar korkje å samlast eller å utøva sine religionar på friviljgt grunnlag. Derimot ser me ingen grunn til at det trengst stormoskear eller andre prangande markeringar av islam eller andre religionar enn kristendomen i Noreg.

## Tvo museum i vestfoldbyen Horten

Av Lars Bjarne Marøy

Når ein tek seg nedover langs vestsida av Oslofjorden ser ein snøgt at dette er sjølv hovudkvarteret for Oslofolk som vil feriera nær sjøen. Båthamnene, seglbåtane og badeplassane som vert refererte på reiseradioen ligg tett i tett frå Sjølyst og til Tjøme.

Vestfoldbyane er generelt sett lette å knyta til sjøferdsla. Kjende reidarar som Anders Jahre og Willhelmsen-reidarlaget hev opphavet sitt i Sandefjord og Tønsberg. Tønsberg var faktisk burtimot størst i landet når det galdt båtar og båtbygging ein periode på 1800-talet, kring 1840. Å tevla med Oslo og Bergen er ein liten prestasjon for ein by som jamvel i dag ikkje hev meir enn kring 30 000 innbyggjarar. Sandefjord er heller ingen storby, men vart like fullt hovudkvarteret for kvalfangsten i Noreg.

I Tønsberg ligg det eit sjøfartsmuseum som vert drive av idealistiske sjømenn. Sjømannsforeiningi i byen er store i eigeomsbransjen. Dei sit samla sett med eigeodomar som er verdte kring 20 millionar. Itillegg er dei ein drivande dugnadsgjeng som held utstillingar i museet i beste orden. Her kann ein sjå utstillingar som fær fram korleis det var å vera sjømann til ulike tider. Både interiøret i båtane, sjølv båtane og annan historikk rundt livet til sjømennene vert trekt fram.

Ikkje langt frå Tønsberg, umlag 30 minuttar undan ligg Horten. Horten er ein interessant by. Den ligg nært Oslo, men litt kronglute til for ålmenn ferdsla. Ein må til Skoppum litt utanfor sentrum for å koma seg inn på Vestfoldbanen eller ein kann reisa yver Tønsberg. Frå Skoppum køyrer Vestfoldbanen um Drammen fyre ein kjem inn til Oslo. På veg mot Drammen køyrer ein innum idyllisk Holmestrand med flott utsikt til sjøen. Her var det Olav Duun slo seg ned og var lærar. Heimen hans hev vorte museum, og det vert halde årlege Duun-stemnor kvart år.

Men Horten er definitivt ein spennande stad å stogga. Um ein startar i sentrum kann ein få seg ein fin spassertur gjennom den sokalla lystlunden, der det er vakre tre, ei elv og mange grøntanlegg og fotballbanor. Når ein hev passert denne lunden kjem ein til dei mange militære byggi på Karljohansvern. Murbygningane her saman med trei og sjøen utanfyre gjev heile utsida eit fagert preg.

Det er naturleg å stogga ved Marinemuseet. Bergen hev sitt sjøfartsmuseum og Oslo hev forsvarsmuseet og det nasjonale sjøfartsmuseet, men ein må merkeleg nok also til Horten for å finna Marinemuseet. Det heng nok saman med at Karl Johan alt i 1818 fekk gjennomslag for at det skulde verta eit sjøfartsforsvarsverk her, namnet Karljohansvern kjem seg av det. Det var visseleg naturleg å ha eit hovudkvarter nær

Oslo og ikkje alt for langt undan svensk territorium. Det tek faktisk ikkje meir enn 34 minuttar å taka ferja yver frå Horten til Moss. For dei som kann saga, er det greidt å vita at det var i Moss Karl Johans menn førde dryftingane med nordmennene i 1814. Det vilde likeins vera naturleg for Karl Johan å ha sjøstridskrefter innanfor stutt avstand til Øresund og København. På same tid som at Horten ikkje ligg langt undan den norske sørlandskysten der Kristiansand hadde spela ei sentral rolla under napoleonskrigane, noko krigaren Karl Johan og støttespelarane hans visseleg hadde med i rekneestykkjet.

Marinemuseet i Horten hevdar at det er rekna for å vera det eldste marinemuseet i verdi. Det vart skipa av styremaktene i 1853. Andre land hadde ikkje opne samlingar for folk, hevdar museet. Kommandør kaptein Klinck donerte ei samling av marinehistoriske objekt. Han hadde samla saman ein del då han var til sjøs under napoleonskrigane 1807 til 1814 og elles under ulike reiser. Han hadde òg fenge kollegaer til å taka med seg ulike ting frå heile verdi.

Utstillingane på museet i dag viser eit breidt spekter av utrustningane på eit skipsfarty gjennom tidene. Det finst våpentypar, lækjarkontor, apotek og ikkje minst mange utsmykkingsstatuar frå båtar, skipsmodellar og all slags inventar frå ulike båtar. Det er òg laga fleire utstillingar um viktige sjøfartshistoriske hendingar som til dømes den skånske krig, den store nordiske krig og Napoleonskrigane. Seglskipi var alltid ynda motiv for målarane. Det finst soleis mange målarstykkje av ulike skip. Utanfor museet finn ein ein torpedobåt frå 1872 og tyske einmannsubåtar frå 2. verdskrigen.

Like ved Marinemuseet ligg Noregs fyrste fotomuseum. Dette er verkeleg noko nytt og sermerkt. Her finn ein ei fast utstilling um fotografiet og fotokunsten si saga. Dinest er det vandreutstillingar.

Museet hev til mål å by på opplevingar frå dei tidlegaste tekniske og vitskaplege eksperimenti og upp til dagsens fotokunst som sprengjer alle grensor for kva eit fotografi kann vera. Eit nasjonalt senter i tilknytning til museet skal vera senter for fotokonservering og tilby spis-



skompetanse på handsaming og konservering av fotografisk materiale.

Vandreutstillingi fram til september i fjor var ei samtidsutstilling knytt til Ray K. Metzker. Metzker vart fødd i 1931 i Milwaukee (Wisconsin, USA). Han utdana seg ved institute og Design i Chicago frå 1956 til 1959. Dette var den leidande skulen som få år tidlegare hadde namnet New Bauhaus. Metzker vert knytt til avantgardefotografiet som uppstod i Euopa på 1920-talet. Han hadde lærarar og inspiratørar som Aaron Siskind 1903-1991 og Harry Callahan 1912-1999.

Metzker vert rekna som ein av dei store virtuosane i amerikansk fotografi. I femti år hev han skapa fotografi med ein sjeldsynt intensitet. Han hev ei evna til å oppfatta umgjevningane rundt seg på ein årvaken måte. Det hev inspirert han til å skapa nye bilete som lever utan umsyn til den tidi og den staden dei er uppstadne i.

Det finst mange faguttrykk for kva Metzker hev gjort med bileti sine. Ein snakkar um komposittar, fleireksponeeringar, samankoplingar av negativ, spegelvending av motiv, solarisering og andre formale eksperiment hev vore ein del av Metzkers vokabular. For ein amatør er det uråd å få serleg mykje ut av desse ordi, men med kunnige umvisarar og nærstudium av bileti til Metzker, er det ei sann glede å kunna studera korleis fotoi hev vorte til. Det er elles merkeleg lite um moderne photoshopmanipulering.

Eit av dei fyrste biletei som vart manipulerte i Noreg var nok biletet av politisjef Willy Haugli med øyredobb og skinjakke. Det vart ein sterk illustrasjon, sidan det var plent det motsette av det folk kunde tenkja seg var mogleg midt i gatekampane millom Blitz og Oslo-politiet. Resten av historikk hev me nok litt i bakhovudet nokon kvar av oss, men det skulde ha vore moro å få meir kjennskap til denne voksteren.

## Den underjordiske krigen

Av Jan Hårstad

Ronen Bergman:

*The secret war with Iran*

Free Press,

New York,


2008

Ei vanleg oppfatning innan vestleg kultur er at det er utanriksdepartementi som driv med utanrikspolitikk, men ei nøgnare etterrøkjing av budsjett og den slags syner at dei ulike njosnartenestone (etterretningstenestone) hev eit langt høgare budsjett og breidare plass i statsmaskineriet.

No hev det då kome ei bok av israelaren Ronen Bergman som heiter *The Secret War with Iran* (Free Press 2008) som eg ikkje vil drjuga meg med å kalla eit storverk som kvar og ein som er seriøst forviten etter å skyna verdi av i dag bør lesa. Eg hev vandslegt for å tenkja meg eit bokverk med fleire lyklar og kodar inn til samtidi.

Boki gjer greida for den store krigen som hev gjenge fyre seg millom Khomeini/Iran frå 1979 og Israel og andre vestlege land fram til i dag, der Iran trugar – ikkje berre USA og Israel – men jamvel Frankrike og England - med regelrett krig. Men det var also ein krig som vart ukjempa i myrkret med njosningsagenter, og når Bergman - som hev vore kringum i heile verdi og tala med njosnings-sjefar - legg alle korti og hendingane på bordet, fær me ei sterk kjensla av kor uvitande ein er. Det er mest ikkje grensor for kor mange folk som er vortne burtførde, drepne, forgifta, skotne, råka ut for trafikkulukkor med fly og bilar i ein krig som eg skulde tru nordmenn ikkje hev det minste hugsviv um. Serskilt ikkje nordmenn som hev den akilleshælen at dei er godtruande og litt naive.

Men ikkje berre folk flest. 18 august 06



rykkte dei arabiske ekspertane på Blindern ut i Dagbladet og karakteriserte Hizballah som ei "militigruppa". Vel, etter å ha lese Bergman sine utgreidingar fær me helder tokken av at Hizballah er Iran sin underjordiske reidskap for å driva verdspolitikk. Hizballah er eit apparat som finst yveralt i verdi der det finst shiamuslimar og militant islam, jamvel inne i land som USA og Noreg.

Via fransk njosning bringar Bergman ei fråsegn frå Hassan Abbassi, ein av leidarane i iranske Revolusjonsgarden, frå eit løyndemøte kring 2006:

"Me hev identifisera 29 sensitive mål i Vesten og gjennomført spaning av desse med fyremålet å bomba deim. Målsetnaden vår er at dei 6000 kjernefysiske stridshovudi USA sit med, skal eksplodera inne i USA. Me hev kartlagt veike punkt og gjeve informasjon um desse til geriljaorganisasjonene og me arbeider gjennom desse. Me hev jamvel sett upp eit eige departement for England og diskusjonen um å styrta regimet stend på dagsorden. Dessutan er me aktive millom mexicanar, argentinanar og hjå kvar og ein som hev eit problem med USA."

Korleis Iran/Hizballah les stoda i oktober 2006 uttrykkjer leidarane av al-Quds-styrkane, Qassam Sulimani, slik:

"Etter at Hizballah sigra i Libanon (sumaren 2006) hev det vakse fram eit nytt Midausten, ikkje eit amerikansk Midausten, men eit islamsk. Parallelt med daningi av Jihad-gruppor i Palestina, hev ein shiaorganisasjon med navnet Hizballah lukkast i å eksportera til Palestina ein modell for dei truande sin måte å liva på. Hizballah hev spela ei sentral rolla i å skipa um palestinarane sine steinar til raketar."

Dette fær berre vera nokre smakebitar frå denne boki som eg trur ikkje er til å koma i frå når den komande samanstyten millom Iran/Syria/Hizballah/Hamas på eine sida og USA/England/Israel på hi, faldar seg ut til open krig.

Ronen Bergman hev gjort greida for den løynde krigen som gøymmer seg framfyre den opne, og det er skræmelegt å oppdaga kor lite ein veit. Dette er boki som du *lyt* lesa.

Målmannen hev fenge brev frå Bjørn Brudevoll, nyrekruttert lesar frå Drammen. Me siterar:

*Jeg fant din meget interessante Maal-mannen 4/2008 i min postkasse idag, visste ikke at noe slikt som dette blad eksisterte. Artig krydderplante i norsk bladflora, ungdommelig henimot det barnslige, hvilket er bra, men kanskje ikke så lett tas alvorlig.*

*Jeg mener å kunne trekke ut to hovedtendenser: A) vil ha et arkaisk norsk bygdemål [...]. B) vil motvirke kultur-invasjon i Fjellnorig, hverken dansk, EU eller Islam velkomne.*

*Vedr. A så forstår jeg at elendigheten begynner med Ivar Aasen som skapte en syntetisk dialektmikstur, med Sunnmøre som utgangspunkt. Jeg har derfor med min artium i 1952 lært to norske skriftspråk, gjensidig forståelige, men med hver sin grammatikk og tildels særord. Men elendigheten fortsatte, først med samnorsk, så bokmål, og tilslutt en skolenorm hvor ingenting er feil, eller alt er tillatt. Norge er sannsynligvis det eneste "vestlige" språk med denne tilstand, og dette beviser at vi er verdens mest demokratiske nasjon, hvor likhetsprinsippet setter alle andre prinsipper til side. [...]*

*Jeg vil også hevde at Maalmannens språk er på samme vidvanke, såvidt jeg ser skriver hver mann sitt eget mål, dog hele tiden tilstrebet mest mulig rotnorsk, avhengig av smak og oppvekststed, som vi østlendinger gjerne kaller knot.*

*Vedr. B så setter jeg veldig pris på viljen til å motarbeide det politisk korrekte. Det er en ufattelig kløft mellom folkemeningen og politikerne, særlig vedr. innvandring, som selvsagt skaper den berømte FRP-koden. Dette setter Maalmannen i en umulig posisjon med ett ben i FRP og ett i Venstre, sunn, utfordrende brytning.*

*Fortsatt vedr. B så ville jeg jo tro at du/dere utsetter dere for trøbbel med blitzbermen og andre såkalte antirasister, kanskje tilmed styresmak-tene.*

*Kort sagt: ei fresk og interessant blekke, håper dere har success.*

**Dvergemålet**

## Om «betaling» og «betalt» og litt til

- Eit lett utfall etter innfallsmetoden

Av Bjarte Runderheim (pedaslush)

Fyrst vil eg seia meg lei for at Thoralf Bergwitz reddast for skalpen sin. Vonleg var mi vesle motsegn i nr.2 skuld i det. I ettertid kan eg sjå et tonen nok var vel krass, og er som sagt, lei for det. Om eg nyttar namnet hans utetter, så må det oppfattast som reint generisk.

Når det gjeld sjølve saka står derimot usemja ved lag og er, etter Bergwitz innlegg i nr.3, endåtil styrkt. Vi har tydeleg motsett syn på sider ved utviklinga av det norske språket; i fyrste handa den sida som kan kallast innhaldssida ved språket.

Når det gjeld forma på språket er vi nok meir samde, sidan vi bae set norsk folkemål høgt. Om eg for min del skal våga å kalla språkforma mi for «høgnorsk», det veit eg no ikkje; men med doble røter på Vestlandet og 10 års grunnopplæring i nynorsk (og noko attåt) er eg i minsto hamna på den konservative sida av folkemålet.

Hovudskilnaden millom Bergwitz og eg, ser for meg ut til å vera at han ikkje skil millom språket si form og språket sitt innhald: Konservativ form krev konservativt innhald. For meg vert det som å skuva kolsyra nedatt i ei brusflaske som er opna, for å hinda drihvegassen i å øyda miljøet. Det ville vera både dumt og til fånnytt.

Eg er nok i dette ærendet meir samd med islendingane sin måte å konservera språket sitt, enn den norske «la skure»-politikken. I ikkje liten mon har islendingane greidt å endra innhaldssida i språket sitt i takt med nye tarv og krav og med ny språkbruk knytt til moderne varer og yrke; og språkleg og samfunnsmerkt utvikling. Til dette har dei visstnok eit statleg råd som, så snart trongen melder seg, set seg ned, analyserer det nye innhaldet i t.d. eit engelsk ord på veg inn, og finn tradisjonelle ord og stavingar som kan nyttast til å dekkja det nye innhaldet. Døme som dei fleste kan henda er vane med, er islandsk «tölva» for datamaskin og «tölvufræði» for datakunnskap, etc., etc. Med andre ord; dei maktar i ikkje liten mon å endra innhaldssida i språket sitt, medan dei held på dei opphavlege ordformene.

I vårt land har vi no snart eit par generasjonar i den yngste enden av populasjonen som er komne så langt i utviklinga, at dei ikkje berre har akseptert «data» som eintalsform; men dertil har teke nemninga i bruk om sjølve maskinen; endåtil med endinga /-n, «datan». «Det er noko gale med datan min» er vidan akseptert språkbruk; eller «Eg må kjøpa

meg ein ny data». Det er ikkje reint få som nemner boksen m/ innhald «harddisken», eller i beste fall «harddisken», - til ævleg plage for oss som «veit» betre.

I tråd med språkfilosofien til Finn Erik Vinje & co er den norske haldninga at vi berre skal lena oss attende og observera endringane som kjem rekande, og notera dei etter kvart. Dette er ført vidare i barneskulen med grunnopplæring på dialekt, eller «må ikkje retta på dei små, må ikkje drepa skrivelleselysta, må vita». Normering er m.a.o. fy-fy. Det finst ikkje oversyn over alle dei merkelege stavemåtar og ordtydingar som er komne til gjennom eit slikt normfiendtleg miljø.

Dette har ført til, at det for dei fleste norske og nordmenn er slik, at «min norsk» er det som er «norsk»; og sjølv om vi lever i lukkeleg vankunne om at det (etter Pavlov) skal ta 60 – 70 gonger så mykje tid og arbeid å avlæra / omlæra som å læra, så yter vi ein sterk og instinktiv motstand mot alt eksternt trykk i retning avlæring. Årsaka til dette kan óg ligga innanfor ein liten setning etter Heidegger: «En misforståelse er også en forståelse». Med det vil han seia at den som eig ei mistyding korkje veit det sjølv, eller har noko ynskje om å avlæra seg den. Difor må den einaste vegen til eit godt folkespråk gå gjennom innlæring, som på Island, og ikkje som hos oss, gjennom avlæring / omlæring. Ikkje minst må vi ha klårt for oss at språket har både ei innaldsside og ei formside. (Eg trur aldri vi har hatt så lite bruk av ordbøker i skulen som vi har i dag.)

Etter denne korte ekskursjonen ut på viddene må vi snøgt attende til Bergwitz og «fikk betalt».

Bergwitz tek denne gongen til med å dra fram enno ei «meiningsløyse». Det var ikkje bra.

Eg tykkjer nok at etymologi er moro, men måten Bergwitz tolkar «sjanse» på er ikkje bra.

Fyrst tykkjer eg at det er rett barnsleg å nytta ei norsk ordbok når ein skal etterrøkjia fransk, men ein bør óg vera litt meir etterretteleg med norske kjelder. Den fyrste tydinga Bergwitz nemner er «mulighet». Etter det eg veit kan «mulighet» gå bae vegar; mot pluss og mot minus. At Bergwitz hoppar bukk over dette ordet og bit seg fast i «hell, lykke, være heldig» og lest som om det er den einaste og endelege tydinga, er definitivt feil. Om ein går i bokmåls- eller nynorskordboka

på nettet, finn vi «sjanse» ml (fra fr. Utfall, terningkast, av lat. Cadere falle). Eg kan ikkje sjå anna «utfall» av dette enn at terningane kan falla begge vegar. Om eg så går til min gamle Petit Robert frå 1976; berre tre år yngre enn ordboka til Bergwitz, så finn eg dette: Chance, av cadentia, av cadere, å falla.

«Manière favorable ou défavorable selon laquelle un événement se produit.» Det tyder definitivt bae sider; og alt i alt skal no Bergwitz sin argumentasjon stå for fall på dette punktet.

Så går han attende til «betale» og slær kategorisk fast at ordet er «uløyselig knytt til handlingen (sic)». (Er han bergenser?) Visstnok skal det både tyda at ein berre kan nytta ordet som verbal og at det dekkjer ei einvegshandling: yting frå kjøpar til seljar. Det er ikkje bra.

Og i den samanhengen kan ein óg nemna at «betalt» i tillegg til å vera ei partisippform er eit adjektiv. «Huset er godt» - «Huset er betalt». Kva skal ein seia om dette? «Byggmeisteren fekk gode pengar for huset.» Eller: «Byggmeisteren fekk godt betalt for huset.» Det er no eingong slik, at det meste av språkendingar over tid kjem seg av mistydingar og tilfelle som vert til nytt språk når mange nok nyttar det.

Verbet «betale» har óg ei substantivisk form, «betaling». Denne nemninga kan dekkja over mange tilhøve: Overføring av kontante pengar, overføring av andre ytingar som betaling for noko, og eg kan ikkje gje meg på at desse overføringane kan gå både frå ein kjøpar til ein seljar, men det kan og vera ei overføring som berre har eit endepunkt og ikkje nokon avsendar. Noko anna ville vore merkjeleg, i og med at vi har ei setningsform som heiter passiv. Men i «moderne» språkbruk er «betaling» blitt mindre brukt og «betalt» meir, om ein skal døma etter «Google». Ei snop tasting i det nabolaget syner: «fikk betaling» = 1290 oppslag. «fikk betalt» = 26 600 oppslag. Ein skal sjølvsagt vera varsam med å ta Google til sanningsvitne i spørkspursmål, men ein indikasjon er det. Eg ser det slik at språket endrar seg med brukarane, og ikkje med ønskemåla til konserveratorane; dess meir i Noreg, som vi manglar normerande institusjonar. I minsto manglar bruken av slike.

Eg reddast for at Bergwitz ikkje kjem i plassen for dei normerande institusjonane.

Kva ein så enn seier, så må det vera

openbertt for alle som hev noko å sjå med, det vere seg augo eller øyro; språket er i stendig utvikling; og den som berre har museal interesse i språket vil fort måtte koma til å kjenna seg som ein Don Quijote. Eigentleg er det ikkje språket i seg sjølv som er årsak til endringane, men handlingane og tinga vi omgjev oss med. Dertil trengst det ein god dose vankunne og mindreverdsjensle på vegner av eige språk. Det minste ein kunne venta av folk med stor interesse for språket sitt ville vore om dei kunne spørja seg kor engelskmennene går av for å henta nye ord til nye handlingar. Sanninga er vel at dei går ingenstad, men nyttar av sitt gamle ordtilfang i stendig nye tydingar. «Data» til dømes er eit gamalt ord, som har vore i bruk i vekslande

tydingar i hundretals år. Gearshift i bilkøyering tyder «tannhjulsbyte», medan vi i Noreg ser for oss handtaket vi byter tannhjul med, og finn opp «gir», eller «girstong». Engelsk, må vita.

Eg tykkjer det er lite trøystesamt å sjå at språket vårt vert tillate å utvikla seg på denne måten, gjennom stendige misforståingar, vankunne og tilfelle. Vi hadde hatt god bruk for ei nemnd som den islendingane har. Franskmennene har sitt Académie Française, britane har sitt Encyclopedia, tsjekkarane hadde sin ordbokskomiteé som framleis utstyrt tsjekkarane med eit lett middelaldersk tilfang av ord og syntaks, både i skrift og tale, frå slutten av 1800-talet; svenskane har sitt «Akademien» heilt sidan 1700-talet; og dan-

skane har hatt sitt «Akademi» sidan 1961.

Det siste syner at det aldri er for seint. Opp mot alt dette har vi i Noreg vårt ynkelege «sprakrad», som det heiter på internettet, der det sit nokre kontoristar (samt ein av mine gamle norsklærarar – ein Vinje-disippel, må vita) og registrerer nye ord etter kvart som «allmugen» kjem på dei.

Det vore storfelt om Høgnorskfolket kunne ha teke hand i hanke med nokre av desse språkvanskane. Eg er redd for at ein då må verta litt mindre muséal og litt breiare i skrevet, om ein skal ha von om å få til noko som helst ut over det å vera nokre få konservative konserverande konservatorar med angst for store ordbøker.

Look to Iceland!

## Ålmennkringkasting

Av Kenneth Kiplesund

Denne vesle artikkelen skal ha fyre seg ålmennkringkasting, og handla um kva som låg i det umgripet i fjernsynet si fyrste tid i Noreg. Attåt dette kjem eg til å dryfta kva som var sermerkt for norsk fjernsyn frå 1990-talet og litt frametter mot i dag.

Professor i medievitenskap Jostein Gripsrud skriv dette um kva som låg i umgripet ålmennkringkasting under innføring i fjernsyn i Noreg: "(...) fjernsynet (...) skulle være tilgjengelig for hele befolkningen for en rimelig penge, på linje med veier, vann, elektrisitet og andre slike "offentlige goder" (...)" (Gripsrud 2002: 284). Her ser ein altso at det var eit ynskje at alle skulde ha høve til å sjå fjernsyn. Dette er ein viktig part av umgripet ålmennkringkasting. Det danar grunnlaget for fyrste part av ordet; ålmenn.

Som ei oppsummering av kva umgripet ålmennkringkasting innebar i denne perioden, vil eg sitera frå ei bok av Halse og Østbye. Dinæst vil eg freista å djupa ut desse momenta:

"Det er lagt vekt på staten skal ha eit overordna ansvar for kringkastingsverksamda, både organisering, utbygging og finansiering. Selskapa (BBC og NRK, min anm.) bør etablerast som nasjonale monopol, med nasjonal dekning som eitt av hovudmåla. (...) Selskapa skulle ikkje finansierast på måtar som gjorde at publikumsmaksimering eller kommersielle interesser fekk styre utviklinga av programtilbodet.

Programpolitisk skulle selskapa vere redaksjonelt uavhengige av statsmaktene og deira skiftande politiske syn. Oppgåva for kringkastinga var å gi uavhengig informasjon og skape ein opplyst opinion og aktive samfunnsborgarar. Folkeopplysningstanken var

sentral, kringkastinga skulle gi kunnskap som var nyttig i samfunns- og arbeidsliv, og, ikkje minst underbygge demokratiet og dei demokratiske institusjonane.

Det var også ei oppgåve for programma å gi lyttarane opplevingar. Selskapa skulle tilby "det beste" frå kunst- og kulturliv. Den kulturelle smaken som kom til uttrykk gjennom programoppsetta, gav nok meir rom for eliteprega finkultur enn folkeleg og populær kultur. Men det skulle samtidig vere mangfald i tilbodet og dermed også breidd. Lett underhaldning, sportssendingar og populærmusikk fekk ein viktig plass. Programtenkinga balanserte mellom folkeleg appell og eit elitistisk, pedagogisk prosjekt. Publikum utover landet skulle også møte andre tilbod enn dei var vane med; tilbodet skulle sørgje for "oppstigningen".

Breidd i tilbodet betydde også at alle delar av landet skulle vere representerte i programma. Formidling av kunnskap og reportasjar frå ulike landsdelar, skaping av fellesopplevingar og markering av nasjonale hendingar, kongens tale til folket – dette var viktige element i ei av hovudoppgåvene til kringkastinga: å samle nasjonen.

Programmalsettingane var prega av paternalisme: Kringkastinga var ein reiskap for nasjonen, ikkje for publikum. Og det var viktig å vise respekt for dei sentrale institusjonene i samfunnet: kyrkja, dei politiske institusjonane, næringsliv, arbeidsliv og kultur- og utdanningsinstitusjonar. Respekt, og dermed også ei viss grad av tilpassing og innordning." (Halse og Østbye 2003: 62-63).

Det var det statlegt åtte NRK (Norsk rikskringkasting) som hadde oppgåva med å driva kringkasting av fjernsyn. Eit viktig prinsipp for NRK var å ikkje driva pub-

likumsmaksimering (å berre sende program som ein visste kom til å sankta sjåarar), men ein skulde senda program som inneheldt noko for so å segja kvar manns smak. Dette kunde NRK gjennomføra av di dei ikkje var like botne av å få stor publikumsupplunad som ein kommersiell fjernsyns-kanal hadde vore. NRK fekk si inntekt gjennom lisens, og kunde difor senda eit breidt spekter av program.

I og med at NRK var eit statlegt utlag, skulde ein kannhenda tru at regjeringi og Stortinget kravde å få leggja seg upp i detaljar um kva kanalen skulde senda. Men slik var det ikkje. Staten fastsette lisensavgifti, og lagde ved ålmennkringkastingsvedtaket ei viss føring på kva som burde visast, men lagde seg ikkje upp i detaljar i programpolitikken. Slik er det i dag med, det er sers sjeldsynt at nokon statleg instans grip inn andsynes noko NRK hev sendt. NRK hev måtta tola kritikk frå talarstolen på Stortinget for sume einskildprogram, men denne kritikken hev ikkje vore bindade for NRK.

Halse og Østbye skriv: "Fjernsynet i Norge ble innført og utviklet seg innafor en klar allmennkringkastingsideologi. Hovedhensikten var ikke å få folk til å se mest mulig TV eller mest mulig på NRK. Målet var å få publikum til å bruke programtilbudet til å skaffe seg kunnskaper og kulturimpulser." (Halse og Østbye 2003: 141). Her gjeng det fram at eit siktemål med ålmennkringkastingi var å "uppseda" folk. Det var ynskjelegt at folk skulde få kunnskapar um viktuge emne, og at dei skulde få del i kulturelle storhendingar. Halse og Østbye meiner at desse kulturimpulsane var mykje merkte av sokalla elite- eller finkultur. Men jamvel meir folkeleg eller "lett" underhaldning hadde sin plass.

Ein satsa dessutan på opplysnings-



program, slik at folk skulde ha kunnskap um viktuge hendingar som røyrd seg i tidi. Dette kunde vera alt frå vitringar um hendingar som gjekk fyre seg ute i verdi, eller rett og slett um husarbeid.

TV-sjåarane var derimot lite interesserte i det som Halse og Østbye kallar "(...) de programmene som er kjernen i allmennkringkastingen (...) : seriøs kultur og informasjon." (Halse og Østbye 2003: 142). Difor plasserte ein lette underhaldningsprogram slik at sjåartallet skulde gå upp for meir seriøse program fyre og etter. "Poenget var å trekke med en størst mulig del av publikum fra de programmene som hadde stor oppslutning, til de smalere programmene. I en situasjon hvor de fleste bare hadde tilgang til en kanal, lyktes denne strategien rimelig godt". (Halse og Østbye 2003: 142). Det var altså viktugt å få folk til å sjå på seriøse program. NRK hadde på ein måte rolla som nasjonal folkeuppsedar, og skulde uppseda folk i dei rette dygder og haldningar. Difor var det um å gjera å få folk til å fylgja med på desse informative og seriøse programi. Gjenom desse programi vona ein at folket kom til å taka til seg dei verdiane og huglagi som NRK (og til ein viss mun staten) ynskte å formidla.

NRK satsa dessutan på å yverføra program og verdiar som samla landet um fjernsynsskjermen. Slike ting kunde vera 17. mai, kongen si nyårstala, eit kongelegt brudlaup osv. Slik fekk ein på ein måte samla det norske folk um sams verdiar og hendingar. Dette var med på å sveisa folket saman.

Kva er sermerkt for norskt fjernsyn i dag? Utviklingi hev gjenge fort frå NRK-monopolet si tid til i dag. Monopolet er avslutta, det hev ført til at til dømes TV 2 og TV-Norge hev kome på banen. Attåt desse hev me fenge tilgang til ei mengd utanlandske kanalar gjenom parabolnettet.

Dette hev ført til at konkurranse hev vorte ein part av arenaen til TV-kringkastingi. Det fører til at kanalene må vurdera betre kva som dreg til seg sjåarar. Men NRK fær framleis mykje av innkomone sine gjenom lisensen, slik at dei framleis kann leggja vinn på eit breidt programtilbod.

Men NRK hev vorte meir vågale. Program som til dømes "Team Antonsen" hadde vore utenkjelege under fjernsynet sitt inntog i Noreg. Eit døme på vågale innslag i "Team Antonsen" kann nemnast: Ein hev eit panel med personar som hev ymse slags funksjonshemjingar. Ein av desse hev havt ein tarmoperasjon. Men etter denne operasjonen vart alt i kroppen hans snudd opp-ned. Når denne mannen byrjar å snakka, veltar det ei brunvoren guffe ut av munnen hans. Dette skal sjølvsgagt liknast med avføring. Attåt

dette hev NRK sleppt til komikaren Otto Jespersen. Han hev ei rad gonger gjort narr av til dømes kristendomen. Noko slikt som dette kunde ikke ha vorte sendt i fjernsynet si opphavstid i Noreg. Då var NRK folkeupplysaren som skulde fostra folk upp i dei rette dygdene. Å senda noko slikt som "Team Antonsen" hadde vore som å "banna i kyrkja". Det var helder ikkje høvvisk å driva harselas med krøplingar. Og noko som folk hadde age for (kristendommen) skulde ikkje umtalast på ein nedsetjande måte.

I dag legg ikkje NRK like mykje vinn på å vera ein folkeupplysar og kulturspreidar som kanalen gjorde det i dei tidlege åri. Desse temai dominera sendeskjemaet på 1950-talet, men i dag er dette mest eit kjennemerke ved sume einskildprogram. I dag er det helder ikkje eit slags "ovanfrå og ned"-huglag i desse programi som det var tidlegare. I dag satsar ein vel endå meir enn fyrr på å køyra debattprogram um dagsaktuelle tema (jamf. "Tabloid" og "Redaksjon 1"). Her møtest politikarar som hev kvart sitt syn, og so fær publikum avgjera kven sitt syn dei meiner er det vitugaste. Dimed hev ein rett-leidd folk til å taka sjølvstendige standpunkt.

På kulturfronten er det etter mitt syn skjedd ei endring, der med. Rett nok hadde folkeleg kultur ein plass i NRK fyrr med, men i dei seinare åri trur eg nok dette hev kome tydelegare fram. Til dømes hev det populære trøndarbandet "D.D.E", som gjerne vert omtala som noko erketypisk folkeleg og herry, fenge syna seg fram til dømes i den årlege sumarsatsingi "Sumarope". Attåt dette hadde den populære programleidaren Tore Strømøy for nokre år sidan ein serie han kalla "Tett på", der sjåarane fekk skriva inn og velja kva for ein songartist dei vilde ha med i programmet. Og her fekk faktisk trøndarrockaren Terje Tysland sleppa til. Tysland hadde nokre år fyreåt vorte fullstendig svartelista hjå NRK for skuld songen "No går det på ræva". Her ser ein altså at NRK hev vorte meir liberale.

Inntoget til kanalar som sender yver satellitt hev ført til at reklame er vorte meir vanlegt på norske fjernsynsskjermer. Attåt dette sender TV 2 reklame. Satelittkanalane sender ofta frå utlandet, og slik kann dei koma undan ei norsk reklamelov, som m.a. forbyd reklame som er rett mot born. Her er kanskje teiknefilmkanalane "Fox Kids" og "Cartoon Network" dei mest aktive.

Når det gjeld dei nye kanalane, tuftar serleg TV 3 sendingane sine på amerikanske seriar og filmar. TV 2 er pålagd å driva noko ålmennkringkasting, og kann dimed ikkje leggja seg slavisk upp mot TV 3 sitt konsept. Men sidan TV 2 er bunden av

reklameinntekter, må dei satsa på sendingar som dreg til seg sjåarar. Hev ein få sjåarar, fører det til småe reklameinntekter. På tidlegt 90-tal satsa TV 2 serlegt på den amerikanske serien "X-files", som drog til seg mange ungdomar. Eit litt breidare konsept kom litt seinare med såpeoperaen "Familiesagaen De syv søstre". Elles hev TV 2 nok av amerikanske seriar på programmet. Men noko som òg er eit satsingsområde er naturprogram ("Globus 2" og "Gutta på tur"). Attåt dette legg kanalen mykje arbeid i nyhendesendingane sine.

For å taka upp kampen med dei nye kanalane, hev NRK omstrukturert. Nye program som trulegt ikkje hadde kome med i fjernsynet sin barndom, hev vorte lanserte. Då TV 2 kom med "De syv søstre", lanserte NRK snart etter et liknande konsept, "Offshore". Attåt dette hev NRK byrja tenkja strategisk med tanke på nyhendesendingane sine. Dei grupperar no "tunge" (seriøse, alvorlege) og "lette" (humoristiske, "lettliva") nyhende um einannan. Attåt dette hev kanalen satsa på nyhendesendingar klokka 2100. Dette er gjort for å møte konkurransen frå TV 2, sidan TV2 satsa på ei hovudsending kl. 21.00.

Ein kann kort og godt segja at noko som kjenneteiknar norsk fjernsyn i dag er mangfelde. I fjernsynet sin barndom fanst det ein kanal, NRK. Gjenom pålegget um ålmennkringkasting hadde NRK til å byrja med eit tollegt smalt programtilbod. Men då TV 2 kom, måtte NRK tenkja i andre banar. No måtte ein ikke berre tenkja på ålmennkringkastingsprofilen, men på kva som kunde draga sjåarar au. Endå viktugare vart dette då det vart opna for satelittkanalar. Kvar for seg hev desse satelittkanalane ofte eit nokso einslunge programtilbod ("Animal Planet" hev naturprogram, "Fox Kids" barneprogram, "TV 1000" filmar osv.). Men alt medrekna vert dette eit godt utval med tilbod. Ein kan rett og slett setja saman sin eigen meny yver kva ein vil sjå. Ein treng ikkje lenger berre taka til takke med informasjons- og kulturtilbodet til NRK.

#### Kjeldor

Gripsrud, Jostein (2002) Mediekultur, mediesamfunn Oslo: Universitetsforlaget  
Halse, Ketil Jarl og Østbye, Helge: (2003) Norsk kringkastingshistorie Oslo: Det norske samlaget  
Schwebs, Ture og Østbye, Helge (2001) Media i samfunnet Oslo: Det norske samlaget.



## Europa markerar 200 år sidan napoleonskrigane

Av Lars Bjarne Marøy


I fjor var det mykje fokus på at det er 200 år sidan me var i krig med Sverige. Både i Kongsvinger og ved Trangen i Solør hev det vore markeringar. I Bergen hev ein havt markeringar og rekonstruksjon av slaget ved Alvøen. I Sverige markerar ein at det er 200 år sidan utbrotet av den finske krigen, som svenskane kallar krigen. I fjor kom det minst 3 bøker i Danmark som tok fyre seg det britiske flåteranet frå Kjøpenhamn i 1807.

Same kvar ein reiser hen i Europa vil ein truleg på ein eller annan måte sjå verknadene av Napoleonskrigane. Den klassiske historieboki Palmer Courton talar um eit tilstand av heimskrig frå 1792 til 1815. I moderne skulepensum vert denne tidi kalla for det moderne gjenombrotet. Ein må undra seg yver kvifor det er so viktugt med denne ukjende verdskrigen? Dei fleste hev då høyrnt um den fyrste og den andre heimskrigen, men Napoleonskrigane var nok um ikkje den fyrste so den nullte av desse.

Bakgrunnen finn ein i opplysningstidi. I 1776 proklamerte Sambandsstatane seg for sjølvstendige og slo fast tankegods som gjekk på folkesuverenitetsprinsippet og maktfordelingsprinsippet. Den amerikanske grunnlovi frå 1787 tufta på folkesuverenitetsprinsippet og tankane frå opplysningstidi dana upptakten til eit nytt syn på tilhøvet millom folk og styresmakter. Det kann vera grunn til å studera Napoleonskrigane nøgnare både ut frå eit amerikansk perspektiv og ut frå same perspektiv som ein studerar 1. og 2. verdskrigen på 1900-talet.

Medan ein fyre opplysningstidi hadde, som millom anna historikaren Tore Pryser hev lagt vinn på, vertikale tilhøve millom menneske, vart dei horisontale relasjonane snart meir framherskande. Det vil segja at medan folk fyre den amerikanske grunnlovi ikkje hadde handla ut frå at ein hadde sams interessor med andre i same stoda som ein sjølv, byrja ein å gjera det no. Fyre opplysningstidi såg bønder og arbeidarar på dei herskande i samfundet som ei gruppa for seg som ein måtte sjå upp til og vera lojal mot. Med opplysningstidstankane fekk folket rett til å gjera oppreist mot herskarar dersom dei var misnøgde med deim. Då vart det aktuelt å samla ulike lag av samfundet til masseprotestar og oppreistar og til slutt samfundsumveltningar.

I Sambandsstatane slo ein langt på veg berre fast det som i røyndi hadde vorte naturleg, og amerikanarane var i stand til



og viljuge til å lata dei store leidarane få forma ut framtidi til det nye landet yver tid, men i neste land som gjorde oppreist vart det langt blodigare og mykje meir umsegripande. Frankrike var eit kongedøme med lange tradisjonar og med mange mektige familiar kring seg som ikkje ynskte å missa dei mektige posisjonane dei hadde.

Den franske revolusjonen skulde strekkja seg yver mange år, og historikarane ser litt ulikt på kva tid han i røyndi tok slutt. Det er i alle fall uumtvistelegt at den prosessen som starta i 1789 nådde sitt endelege høgdepunkt i 1815. Den franske revolusjonen kann i eit sovore perspektiv skiftast inn i nokre hovudfasar. Den fyrste er den borgarlege revolusjonen og folkerørsla frå 1789 til 1792. Denne fasen var den rolegaste. Borgarane var dei leidande frå tridjestanden og tok kontrollen. Men revolusjonen kom fullstendig ut or kontroll i perioden frå 1792 til 1795. Denne fasen vert gjerne umtala som ein fase som var merkt av revolusjonsregjeringi og folkerørsla. I denne fasen vert det utførd masseavrettingar og dei mest ytleiggåande kreftene attum revolusjonen tek makti. Perioden frametter frå 1795 til 1799 gjeng for å vera ein konsolideringsfase som vert umtala som den konstitusjonelle republikken. Han vert fylgd av fyrespelet til Napoleon si kryning av seg sjølv i 1804 og vert kalla for den despotiske republikken. Napoleon vart som dei fleste veit sitjande ved makti til 1814. Då vart han avsett, men kom attende ein stutt periode, so det vart ikkje halde endelegt fredsmøte fyre i 1815.

Upphavet til revolusjonen var pengevanskar ved hoffet. Det franske buslitet var eit resultat av det som mange statar sleit med på 1600- og 1700-talet, som var skortande inntekter til å føra krig. I andre land hadde dei sosiale skilji millom

borgarar og adelslekter vore mindre enn i Frankrike. Det gjorde at det var råd for kongane å skaffa seg nok inntekter til krigføring, men i Frankrike var dei sosiale skilji sers sterke og dei rike adelsfolki og dei geistelege hadde skattefritak. Frankrike og Storbritannia hadde vore beinharde rivalar i krig etter krig, og Storbritannia vann kampen um å kontrollera kolonistatane i Amerika i sjuårskrigen som tok slutt i 1763. Storbritannia vilde betala krigskostnader gjennom skattlegging av amerikanarane, men amerikanarane neitta og kravde representasjon i det britisk parlamentet um dette skulde verta akseptabelt. Amerikanarane starta krig med britane, då britane stod på sitt med skatten, men neitta dei eigne målsmenner i det britiske parlamentet.

Franskmennene hemna seg med å alliera seg med amerikanarane som kravde sjølvstende frå britane. I 1776 vedtok USA deklarasjonen um sjølvstende. I 1778 gjorde amerikanarane og Frankrike avtalea um militært samarbeid. Fram til 1783 var utbrytarrepublikane i krig med Storbritannia og henta god og avgjerande hjelp frå Frankrike. Det vart slutta fred i Paris i 1783. Paristraktaten millom Frankrike-Spania-USA og Storbritannia vart underskriven i Versailles. Storbritannia godtok amerikansk sjølvstende og sagde frå seg Tobago til Frankrike og Florida til Spania. Eit forfatningskonvent med George Washington i spissen utarbeidde ein konstitusjon for USA, den fyrste demokratiske forfatningi i verdi.

George Washington vart amerikansk president i 1789. I krinsen kring Washington vert det drege inn ei rad leidande personar som skulde verta sentrale i den amerikanske saga. Etter måten mange av dei vart seinare presidentar. Millom desse var Thomas Jefferson (president 1801-1809), John Adams (president 1797-1801) og James Madison (president 1809-1817). Alexander Hamilton var leidande i utformingi av det amerikanske bankstellet. Han døydde seinare i ein sers illgjeten duell med den politiske rivalen Burr i New York.

Frå 1792 av tok Frankrike upp att krigføringi med umverdi, og USA vart utbode på avtale av 1778. Men George Washington konkluderte med at dei amerikanske interessone var best tente med at USA ikkje vart innblanda i ein krig. 70 prosent av all handelen til USA var med Storbritannia. Same kor edelt samarbeidet

med Frankrike hadde vore, so talde dei handelspolitiske interessone imot. Jamvel dei tvo næste presidentane John Adams 1797 til 1801 og Thomas Jefferson 1801 til 1809 var kloke og hepne nok til å makta halda USA utanfor direkte krig med Frankrike eller Storbritannia, men det skulde halda hardt.

For å skyna tilhøvi millom USA og Europa, må me venda attende til Europa. Og her må me taka fyre oss nøgje kva som gjekk fyre seg i krigføring i millom dei europeiske maktene og Frankrike. Leiदारane i dei europeiske landi fylgde natulegt nok nøgje med på kva som skjedd i Frankrike. Det var ikkje dagleg kost at kongen og dei herskande, dei geistlege og adelen vart avsette. Preussen og Austerrike gjekk saman mot Frankrike av di dei meinte revolusjonen hadde gjenge for langt. Austerrike leid nederlag og måtte resignera Austerrisk Nederland (det som er Belgia i dag). Det franske nasjonalkonventet avskipa i november monarkiet og utropa republikk. Konventet tilbyd hjelp til alle land som vil innføra republikk. Det vert sjølvsagt oppfatta som ein provokasjon mot alle dei hine europeiske landi.

I 1793 proklamera Frankrike krig mot Storbritannia og den nederlandske republikken. Den fyrste av tri komande alliansar mot Frankrike vert dana av den nederlandske republikken, Storbritannia, Preussen, Austerrike, Spania og Sardinia. Austerrike tek attende det austerriske Nederland.

Napoleon stod fram i slaget kring hamnebyen Toulon der han slo den fyrste alliansen i eit viktugt slag. I 1794 vann Frankrike slaget ved Fleurus. Alliansen måtte gjeva upp og Frankrike okkuperte Belgia. I 1796 var Napoleon leidar for den franske Italia-armeen. Han slo Austerrike i slag etter slag i Italia. Det hev vorte sagt at då krossfarar plundra Konstantinopel i 1204 tok dei med seg meir gull enn ved noko anna slag tidlegare i verdssoga. Dette gullet og det som var bysantinsk gull, kunst og so vidare vart for det meste samla i Venezia. Napoleon plundra byen hardt for å skaffa seg inkomor til ny krigføring. Likevel er Venezia framleis rekna for å vera den byen som hev mest att av bysantinsk gull og kunst.

Han leidde vidare eit felttog til Egypt, men laut gjeva upp i slagi med ottomanarane ved pyramidane og med Storbritannia i slaget ved Abukir-bukti. Då han kom attende til Frankrike i 1799 tok han makti gjennom eit kupp og fekk seinare gjennomslag for å verta fyrstekonsul gjennom ei folk-

erøysting.

Krigen mot den andre koalisjonen starta alt i 1798. Målet var å få franskmennene ut or Italia, men det lukkast ikkje og vart oppgjeve i 1801. Krigen mot den tredje koalisjonen vert rekna frå 1805 til 1807. Etter freden i Tilsit slutta Russland seg til den franske kontinentalblokaden av Europa.

Dei komande åri skulde verta merkte av ein handelskrig utan sidestykkje i verdssoga. Frankrike hindra britisk handel yver land. Storbritannia gjorde sitt fremste for å hindra handel på sjøen. Noreg vart lagt under fullstendig blokade. Fyrst miste me krigsflåten dinæst skreiv den danske kongen ut ei lov um kaperfart. Dette var ein vanleg måte å få utnytta skip på under ein krig. Det var i prinsippet ulovleg å frakta varor for motstandaren som no var Storbritannia, so handel med Storbritannia var utelukka. Handel med Frankrike vilde Storbritannia slå ned på, og det var knappast nøytrale land det let seg gjera å få driva handel med. Skipi kunde einast nyttast til å taka inn andre skip, sokalla prisar, som dreiv handel i strid med den tids forståing av kva som internasjonal rett under krig. Det var sett upp ein priserett i Kristiansand der ein kunde føra inn kapra skutor og få prøvt um dei var ein god prise eller ikkje. Kaperfarten starta på 1600-talet og vart fyrst avskipa som legalt verkemiddel under krig etter krimkrigen i 1856.

Ikkje nok med at utanlandshandelen låg nede og at norske sjøfolk som var ute til sjøs vart bura inne i britiske prisonar, britane blanda seg jamvel i nokre høve inn i sjøfarten innanlands. I slaget ved Alvøen kom britane heilt inn i den bergenske "skjergarden". Takk vere at framsynte krigsfolk hadde bygt kanonjollar, greidde bergensarane å slå attende eit britisk skip. Skipet vilde inn til Bergen hamn av di dei meinte det var eit nederlandsk skip som låg ulovleg ved kai og som kunde takast som priseskip. Det britiske skipet laut gjera vendereis, og etter denne episoden vart det lite eller ingenting av at britiske skip våga seg heilt inn i norske hamner. Men i 1812 tok britane seg inn til Tromsø hamn under det sokalla slaget ved pølsehamni.

Det største problemet for Noreg i nauds-åri 1808 og 1809 var skort på korn. Den råka folk hardt, og ein måtte tyda til alle slags alternativ. På Vestlandet og langs kysten hadde ein fisk, men i innlandet kunde ein vera verre stelt og matmangelen vart tung å bera for mange.

Martin Hårstedt hev skrive bok um den finske krigen. Han med peikar på mat-

forsyningar som viktuge i høve til krigen millom Russland og Sverike. Russarane hadde ein lettare forsyningssituasjon då dei tok seg fram til Sveaborg, den avgjerande festningi i høve til å kontrollera Finland. Svenskane hadde problem med islagde hamner og med å få fram nok mat og forsyningar til troppane sine.

Og til sjuande og siste var det mat og forsyningar elles som knekte Napoleon då han gjekk mot Russland. Feltoget skulde berre vera ei konsolidering av Napoleon si stilling som eineherskar i Europa, men so balla det heile på seg og fyre han visste av det, var han på veg inn i Russland. Då Napoleon godt og vel hadde teke Moskva, so kom han ikkje vidare. Tsaren hadde sett kriminelle til å svida av store luter av byen, og Napoleon kunde til slutt ikkje syta for armèen sin. Det var fulla ikkje meir mat att å henta, forsyningane kom til å taka slutt og heren laut snu og venda attende til Frankrike. Denne krafttappingi kunde ikkje vera anna enn undergravande for Napoleon.

Dei europeiske stormaktene hadde gong etter gong freista å slå Napoleon, men lautgjeva seg for skuld dårlegt samarbeid og samordning, men den britiske generalen Wellington var ingen mann som let seg stogga. Han var uppteken av presisjon og av hardt og grundig arbeid. Fram til 1812/1813 hadde han og dei britiske soldatane trengt seg fram gjennom Portugal og Spania og slege franskmennene attende på alle frontar. No var britane reiduge til å taka seg vidare inn mot Frankrike, og denne gongen fekk britane og Preussen til eit godt samarbeid.

Den preussiske generalen Blukker var yver 70 år, medan Wellington og Napoleon framleis var i 40-åri. Blukker vart hardt teken på av Napoleon, men gav seg ikkje. Napoleon trudde i dagane fyre slaget ved Waterloo at det skulde lukkast for honom å kløyva britane og prøysarane.

Preussarane kom seint, men godt til Waterloo. Saman med britane fekk dei endeleg slege Napoleon, og denne gongen vart han send so langt undan at det ikkje let seg gjera å taka seg upp att til Frankrike på nye eventyr, slik som han hadde gjort tidlegare. Dette var i 1814.

Det er altso fyrst når me kjem til at 2014 og 2015 at me er ferduge med alle 200-årsjubilei etter Napoleonskrigane. Det er soleis grunn til å gleda seg for alle som interesserar seg for militærhistorie. Museumi i Europa kjem til å vera fulle av utstillingar frå krigane i mange år frametter.

## Epokegjerande bok um språk og kognitiv psykologi

Av Lars Bjarne Marøy

*The fall of the Word and the rise of the Mental Model*

*-A Reinterpretation of the Recent Research on Spatial Cognition and Language,*

Frode Jens Strømnes,

Peter Lang forlag,

Frankfurt am Main,

2006a

Første gongen eg møtte Frode Jens Strømnes var på eit målmøte i 1999 i Volda. Eg fatta straks interessa for denne mannen som hadde mange spanande tankar kring mål og målsak. Sjølv hev eg studert psykologi, men ikkje lenger enn til grunnfag. Det er likevel nok til at eg meiner at eg kann segja at Strømnes stend for noko sers sjeldsynt og uvanleg i Noreg. Ein psykolog som hev tankar um korleis ein kann knyta saman psykologi og språk, er ikkje noko ein støyter på serlegt ofte. I farten kann eg berre tenkja meg èin person som hev gjort noko av seg, og det er Ragnar Rommetveit. Rolf Mikkel Blakar kann kannhenda verta dregen fram av nokre, men etter mitt syn held han ikkje same standarden.

Då eg studerte psykologi, og ikkje minst etterpå, slo det meg at det var grunnleggjande å studera læring av språk. Eg oppfatta det slik at det fanst studiar av kognitiv psykologi som eg vil kalla eksperimentalspsykologi, dei tok fyre seg tenkjing, minne, persepsjon og dilikt. Eg meiner det er viktugt å skyna korleis folk oppfattar språk og lagrar språklege kunnskapar.

Men eg vart jamvel inspirert av personlegdomsteoriane til Bandura og Michell. Dei gjekk meir konkret til verks i høve til korleis kvart einskilt menneske kann læra noko.

Dersom ein kombinerar psykologien med til dømes Bourdieu sine tankar um sermerkte kompetansar innanfor ulike umkverve, kann ein sjå fyre seg at det gjeng fyre seg ei læring av språklege kunnskapar og oppfatningar som gjer at nordmenn ikkje berre lærer seg eit skriftspråk og ein variant av dette skriftspråket, men ei oppfatning av tilhøvet millom talemål og skriftmål med. Soleis kann norske ungdommar i dag læra seg at riksmålsformene i bokmålet er det skriftlege avbrigdet av språket deira, medan det munnlege talemålet er noko heilt anna. Men dei kann jamvel tru at dei

nyttar dei munnlege formene når dei skriv av di talemålet og skriftmålet er so avsondra for dei at dei ikkje tenkjer yver at dei skriv på ein annan måte enn dei talar.

Eg hev tenkt meg at ein lærer eit slags daningsideal eller oppfatning av kva som er den skriftlege versjonen av det munnlege talemålet. Dette hev eg kalla ein nasjonal eller kulturell kompetanse. Innanfor målrørsla er forståingi av denne kompetansen og kunnskapen i denne kompetansen vorte nedbroten av mange rettskrivingsendringar og personlege rettskrivingar.

Dette var noko av bakgrunnen til at eg såg og ser med spaning på det arbeidet og nokre av dei teoriane som Strømnes hev lagt fram og delt med oss i høgnorskørsla på møte i Volda og no seinast i eit umfemnande faglegt arbeid i form av ei bok på 500 sidor. Lat det vera sagt med ein gong, boki *The fall of the Word and the rise of the Mental Model* er ikkje ei bok for kven som helst. Det løner seg å kunna ein del psykologi um ein i det heile hev til ambisjon å koma gjennom boki på skapleg vis.

Eg vil ikkje ein gong koma nær å kunna gjeva nokor fagleg umdøming av arbeidet til Strømnes, og eg kann visseleg verta oppfatta som ein lettvektar berre i attgjevingi av tankane hans. Eg kann berre ynskja at langt meir kompetente meldarar og forskarar vil melde si interessa for boki. Når det er sagt, so er det mange ting ein kann gripa tak i og freista skyna som lekmann og som språkinteressert.

Kva er kjernen i boki? Eg oppfattar det slik at forfattaren ynskjer som det heiter i undertittelen å umtolka moderne forskning på romleg psykologi og språk. Strømnes meiner at den kognitive psykologien hev kome fram til resultat som styd den konklusjonen at gamle lingvistiske oppfatningar og strukturar ikkje held fullgodt mål til å læra og forstå kva eit språk inneheld av mentale modellar. Og Strømnes er ikkje nådig når han kritiserar lingvistane. Til dømes er han totalt avvisande i høve til tanken um at alle språk er like og utan vidare kann brukast på same måte.

Det er snarare ulikskapane som kjem i sentrum for Strømnes. Gjennom mange forskingsår i Finland fekk han rikeslege høve til å eksperimentera vitskaplegt med tilhøvet millom Indo-europeiske språk

som svensk og norsk på den eine sida og eit finskugrisk, finsk, på den andre sida. Dette førde til at han utvikla ein teori som bygde på geometriske strukturar. Han gjeng i stutte drag ut på at indo-europeiske språk er orienterte kring tridimensjonell tenkjing knytt opp til vektorprinsippet, og dette fører med seg at det sentrale ved språket er knytt til storleikar og retning. Dette kjem til uttrykk gjennom at fleire av dei indo-europeiske språki nyttar preposisjonar som viktuge språklege ovringar.

I finsk derimot kann ein tala um topologi-prinsippet. Det vil segja at det viktuge med språket er kvar hen ulike fenomen grupperar seg i høve til kvarandre. Djupstrukturen i språket er tvodimensjonal.

Forskingi til Strømnes og kollegaene hans er svært umfemnande og vert åtgådd på ein svært grundig måte i boki. Stuttfatta kann ein segja at Strømnes studerte korleis finskspråklege og svenskspråklege/indo-europeisk språklege kunde hugsa og arbeida med språk. Ei rad røyne med forsøkspersonar underbygde at det som gav meining for finskspråklege ikkje gav meining for svenskspråklege. Dei ulike språkstrukturane var med på å dana ulike mentale modellar som avgjorde kva som var meningsfullt.

Boki er topptung. Det vil segja at dei tyngste og mest vanskelege eksperimenti og teoriane kjem fyrst. Eg hev ikkje høve til å gå inn på dei filosofiske diskusjonane som Strømnes er innum, jamvel um eg er viss på at språkfilosofane ikkje vilde ha gjenge god for nett denne delen. I alle fall vert det for spesielt å spekulera i um mengdi av b-vitamin kann ha ført til at tankane kring språk i ein tidbolck førde til ei nyorientering i filosofien.

Men dette vert i røyndi ikkje so grunnleggjande. Den grunnleggjande faglege åtgåingi i boki gjeld lingvistikken, og her meiner eg at Strømnes heilskapleg sett bør takast svært ålvorleg. Han hev heilt rett i at lingvistisk forskning på mange måtar vert fordummande med si stivbeinte tru på grammatiske modellar og skortande inter-

Sank ein tingar til  
**Målmannen!**

- språkpolitisk ukorrekt sidan 2002 -

essa for nett kognitiv psykologi.

Det som kunde ha gjort boki til noko av ein bestseljar er det som kjem langt utanfor allfarveg. Det er forsking på finsk film. Det er heilt unikt og noko av eit ser-syn at finsk fjernsynsteater styrde norsk lags- og organisasjonsliv i minst eit tiår, um ikkje tvo. Alle møte skulde haldast dei kveldane då det var finsk fjernsynsteater. Det gjekk so langt at alt som var keidsamt vart kalla finsk fjernsynsteater.

Strømnes er truleg ein av dei få nordmennene som kann forklåra kvifor nordmennene var so avvisande til finsk teater. Og det er her dei geometriske strukturane ovanfor slær inn. Filmskaparane hev ein spesiell kulturell kompetanse som gjer at dei mentale modellane deira styrer dei inn på eit spor som gjev ei sermekt form for film. Når folk med indo-europeisk språk tårnar saman med menneske som hev heilt andre mentale modellar og gjev uttrykk for desse både når det gjeld språk og innhald, so vert reaksjonen ei total avvising. Ein skrur av fjernsynet kort og godt.

Gjennom systematisk gransking gjekk Strømnes og kollegaene hans gjennom nokre filmar som bygde på same manus. Her kunde Strømnes ettervisa korleis filmene var ulike og korleis ulikskapane samsvara med teoriane hans.

Strømnes hev òg gjort etterrøkjingar med omsyn til arbeidsulukkor. Han hev isolert utanforliggjande årsaker og funne fram til at det må vera ulukkor som vert valda av at språket som ein teknologi byggjer på eller arbeidsspråket på ein arbeidsplass byggjer på. Språklege mistydingar og misoppfatningar fører til at folk ikkje handlar slik dei bør. Arbeidsulukkor kann dessutan hanga saman med um det er eller ikkje er fleirspråklege menneske på arbeids-plassen.

Kinesisk er eit språk som melder seg tidlegt i lesnaden for min part. Dersom

folk danar seg mentale bilete når dei les, kvifor ikkje berre innføra eit biletspråk som i Kina? Det er vel unekteleg ein grunn til at ei mest mogleg ordrett attgjeving av talen hev vorte utgangspunktet for moderne skriftspråk. Dette er av dei mysteria som eg ikkje vert heilt klok på. Sameleis er det med funni som viser at blinde hev større evna til å dana seg mentale modellar i tilknytning til arbeid med språk enn det dauve kann. Det verkar som at dauve vert temmeleg hjelpelause i høve til å dana seg mentale modellar. Kva er årsaki til det? Kann det vera at høyrlesansen er serleg eigna for rompersepsjon? Og kva med skilnaden millom å bruka teiknspråk og munnavlesing? Dessutan finst det dauve som kann dansa med utgangspunkt i ljodsvingingar som dei kann kjenna. Her melder det seg mange spørsmål, og det er ikkje slik at eg ventar meg svar, men eg ser fyre meg at her må det vera mykje interessant å arbeida vidare med.

Apropos Kina. Strømnes dreg inn Kina i samband med at europearane freista å innføra teknologi der på 1700-talet. Kinesarane kopierte teikningar som vestlege menneske ikkje kunna bruka til å laga teknisk utstyr av. Kvifor var det slik? Strømnes er open for at det er naudsynt å kunna kinesisk for å forstå kva det er for mentale modellar som vert skapte i denne språkkulturen. Fyrst når ein kjenner språket vil ein fullt ut kunna forstå kva det er som gjeng fyre seg når kinesarane lagar teikningane sine. Mange oppfatningar um bilete og teikningar er oppfatningar som ikkje er like naudsynte i andre kulturar. Til dømes at eit målarstykkje skal ha ei råma. Soleis skal ein vera svært varsam med å tru at ein skynar alt, jamvel med ting som vert beinveges attgjevne.

Strømnes er best når det gjeld å sjå på språk som hev stort fråstand til einannan.

Eg hev større vanskar med å finna fram til kva han meiner når ein kjem til språk som er relativt like. Det hadde vore ynskjelegt å ha visst meir um syni hans på slike tilhøve. Elles er det mange faglege og personlege synspunkt i boki. Eg kann vera samd med Strømnes i mykje når det gjeld matematikk og lingvistikk, men eg hev ikkje like stor tru på freudiansk terapi. Eg kann vera samd i at norskundervisningi til framandspråklege kunde ha vore betre, men eg tykkjer ikkje det er nok at Strømnes jamfører denne opplæringi med kor lang tid han sjølv nyttar på å læra seg eit framandspråk. Eg tykkjer absolutt det er interessant og fruktberande um det let seg gjera å nytta Strømnes sin teknikk med mentale modellar for å læra folk nye språk, men han er langt undan å få til eit truverdig prosjekt der modellen hans vilde fungera for alle tenkjelege språk på kloten.

Eg for min part ottast ikkje at språklærarar skal verta arbeidslause um dei ikkje fær bruka dei tradisjonelle læringsmetodane, men gjeng yver til metodar som byggjer på teoriane til Strømnes. Eg trur knappast at det er mogleg å vert utlærd i språk, so det vil alltid vera bruk for folk som kann noko um nett språk. Og enn so lenge vantar me dei nye læringsmetodane som Strømnes vil ha.

Difor tykkjer eg at hovudtitelen vert for ambisjos. Dei mentale modellane hev langt frå reist seg enno. Her trengst langt meir av både forsking og arbeid, og eg ser diverre ikkje fyre meg kven som skal fylgja i fotefari til Strømnes. Men at Strømnes hev kome fram til ein ny veg for språkforskning og språkarbeid og at funni hans er viktuge for målsak og målreising, det er eg ikkje eit sekund i tvil um.



**NYNORSK**  
**ANTI-KVARIAT**  
www.nynorskantikvariat.no



**Nynorsk Antikvariat AS**  
Hulgata 11  
4900 Tvedestrand  
**Telefon** 37 16 66 66  
**E-post:** tinging@nynorskantikvariat.no

**Antikvariatsbokhandlar**  
**Arne-Ivar Kjerland**  
**E-post:** Arne-Ivar.Kjerland@  
nynorskantikvariat.no  
**Mobil:** 928 29 098

## Om innhaldet i bladet dykkar

Av Hallgeir Dale

Då Målmannen kom i 2002, var eg ein av dei som som såg fram til å få eit nytt blad på høg-norsk, med utsikter til å få lesestoff om språk og nærskylde emne. Eg har tinga bladet sidan fyrste utgåva, og det kjem eg nok til å halda fram med. Eg kjem truleg aldri til å skriva høg-norsk sjølv, men set pris på at andre gjer det.

Men eg må seia at innhaldet no er til å få ilt av. Der er fint lite om språk. Dei to siste blada kan stå som døme på dette:

I nr. 4/08 er det seks linjer på fyrste sida, so kjem Dvergemalet på s. 5. På side 12 står det noko vas av Bergwitz. Og på siste sida (av 16) kjem bladstyraren med noko som kan seiast å ha ørlite med språk å gjera.

Det står litt betre til i nr. 5/08. Marøy, som er den beste skrivaren av dei som var grunnleggjarane av bladet, er i god form på side 3. So legg Bergwitz i veg, og han får heile sidene 4 og 14, samt delar av 5 og 15. Sjølv om han skriv so å seia useleg, har han i det minste etla seg til å ytra noko om språkpolitikk og namn på landslutar. Attåt dette finn me Dvergemalet, og noko av siste sida handlar om Heggstads grammatikk. Og det var alt.

Nei, no ser det ut til at Målmannen skal vera om politikk og religion. (Det at bladstyraren m.fl. er glade i ymse former for det eg vil kalla svartmetallmusikk, er berre ein parentes i denne samanhangen.)

Eg har nok eit anna politisk grunnsyn enn det bladstyret har, men det får våga seg. Det er heilt i orden at de har klare meiningar om både Israels situasjon og om islamsk frammarsj i Europa. Og de må gjerne halda fram med å referera til "vinstreestremistar" og ugjerningane deira så ofte de har hug til det. Slikt må også dei som er usamde med dykk tola å lesa. Men det er to saker i dei to siste nummera av bladet som treng at nokon tek til motmæle:

For det fyrste har me den heilt medvit-slause omtalen av hendingane i Køl'n kring den 20. september 2008. Ein må gjerne harsel-era med frøken Michelet, og det er heilt rett at Dagbladet ikkje lenger vert teke alvorleg av vituge folk, men like fullt er det grunn til å tru at showet ved Rhinen var organisert av ein "amatørmessig gjeng med skrytepaver," slik det stod ein stad. Eitt av utgangspunkta for markeringa var alto so muslimar skal byggja eit svært gudshus i Køl'n. Kvifor skal dei ikkje få lov til det?

Det verste er at Målmannen let til å ha dei same standpunkta som Henry Nitzsche m.fl., karar som ein med full rett kan kalla høgreek-

stremistar. Det er ikkje moro å sjå på YouTube korleis Nitzsche (som de konsekvent stavar feil) får talen sin avbroten av folk som skrik "Wir sind das Volk!" (Som var slagordet frå dei folkelege demonstrasjonane for fridom og demokrati i Aust-Tyskland i 1989, og slett ikkje noko uttrykk frå nazi-tidi um det er som innsendaren impliserar. Red.) Og bladstyraren presterer faktisk indirekte å gje god omtale til Arne Myrdal og det grumset han stod for.

Det andre eg vil kritisera, er i grunnen mykje verre: I nr. 4 tek Lars-Toralf Storstrand på seg å prova at massakren i Srebrenica anten aldri har funne stad eller at talet på drepne er so lite at det ikkje er noko å bry seg om. Er det toskeskap eller vond vilje som kan få ein mann til å hevda noko slikt? Tenkjer Storstrand at sidan David Irving o.a. kan bagatellisera eller fornehta Holocaust, er det på tide at nokon gjer det same med Srebrenica? Diverre synest motivasjonen til Storstrand altfor klår: Sidan det i hovudsak var "musulmanar" som var offer for styggedomen i Srebrenica, kan det ikkje vera sant. Og kjeldelista til Storstrand syner at "opplysningane" hans er av det meir kuriøse slaget. Trur han på dette sjølv? Hadde dette svineriet stått prenta i eit blad som vart lese av meir enn berre nokre få, og hadde det vore skriva av ein person som kunne takast alvorleg, ville det ha kome mange reaksjonar. No er det ikkje slik, men bladstyraren i Målmannen må vakta seg vel for ikkje å verta nyttig idiot for ein meir enn utriveleg anti-islamisme. Me treng beinhard kritikk av islamismen, men me må ha eit anna utgangspunkt enn dette.

Discharger,

## Slagmarksrock

Av Lars Moe

Discharger,

"The Sword of our Ancestors",  
Bandworm Records, 2008.

Etter tvo års ventetid er Discharger frå Utrecht i Nederland attende med ein ny fullengdar, "The sword of our ancestors". Eg hadde ikkje rekna med anna enn at dei som vanlegt kom til å levera varone, men denne gongen må eg berre segja at dei yvergienge seg sjølv. For det er ikkje lenger tradisjonell streetpunk som me fær høyra, men derimot noko heilt nytt – slagmarksrock kallar dei det. Og um du er interessert i patriotisk punkrock med innslag av metal og vikingrock, so er dette plata for deg.

Frå fyrr av er det nok av metalband som hev greidd å få ljodbilætet til å sjå ut som ei slagmark, men so vidt eg veit er det ingen punkplator som hev vorte bygde kring det same konseptet. Men med intensive riff, pre-sis tromming og friske gitarsoloar er dei med på å skapa ei atmosfæra av kamp og strid. Det vert i sum ein melodisk miks av allsongvenleg streetpunk og nordisk rock.

Ser ein på tekstmaterialet, so sviv det kring historiske slag i Europa, sogeumspunne forfedrar og kamp til siste mann for å verna um eige territorium. Men heilt utanum den tradisjonelle streetpunk-tematikken kjem ein helder ikkje – millom dei 14 spori finn ein jamvel songar um kamp mot narkolanganar, tapt venskap og byrgskap yver byen som ein kjem frå.

Ein liten forsmak på det som Discharger hev å by på, det finn du på Myspace-sida <http://www.myspace.com/dischargerholland>.



Senter  
mot  
antisemittisme

Telefon:  
21 94 00 00

Epost:  
[post@antisemittisme.no](mailto:post@antisemittisme.no)

Web:  
[www.antisemittisme.no](http://www.antisemittisme.no)

## NIS-info

### Bladet for deg som:

- Vil vita meir um Israel og jødedomen
- Ynskjer meir kunnskap um assyrarar, koptarar, kurdarar og andre folkeslag som dagleg vert tynte av arabiske okkupantar
- Etterlyser meir sakleg og balansert informasjon um stoda i Midtausten
- Et Jaffa-appelsinar og Carmel-potetor med god appetitt og godt samvit!

NIS-info vert fritt sendt til 20.000 husstandar. Friviljugt støtteabonnement kr 250. Kontakt oss på [post@antisemittisme.no](mailto:post@antisemittisme.no) eller NIS-info, Øvre Ullern Terrasse 51, 0380 Oslo.

## Um stadnamn i Tokke

Av Thoralf Bergwitz

I gutedagane mine - den tidi då eg sprang som hjuring i den unelege Vendalen inonde' Øysteinsfjell, Brandsnutane med Gråsteinsåsen og Sigurdstind - eller um det var i dei skogklædde lidine ikring den gamle støylen Grotstøyl attmed Sæbyggjeåi - åi som renn ifrå Borsæ til Gausbuvatn. Grotstøyl ligg noko heimafor Stridsmoen - der teledølr og sæbyggjar rauk i hop og slost um grensa - på Skafsåheidi. Det var i denne tidi eg hørde um Spafjødd og Urdnøsi med Følurvatnet imidjom. Eg hørde um Vegardalen midjom Berhømnutane og Spafjødd, Draumnuten og Fjukupnuten med Kuskaret imidjom der atte. Desse glumelege fjøddi var sjave trollheimen. Det var eventyr i berre namni. Mest ALT hadde namn - frå det største til det minste. Sumt hadde jamvel meir enn eitt namn. Eg gløymer ikkje t.d. den litle bergknatten tett ved "Tønsberg". Den heiter både "Usulvsberget" og "Lyberg". Usulven budde der. Eg var livrædd for å fara framum dette bergjet endå um bergjet gav ly mot den kalde snoen frå nord på vetterstid. Ein ørliten kulp i Tverråbekkjen inne i "Haugane" (i Hyttebyen) hadde namnet "Laugarhylen". Det var knapt nok rom til ein liten barnekropp til lauing i denne hylen. Men Namn - det hadde han.

Og alt hadde namn med meining. "Tunsberg" er namnet på berget med tun oppå, "Vistad" er ein vid stad endå um d-en vantar, "Åsland" er landet med dei mange åsane, "Åland" ligg attmed åi, "Moen" ligg inne i - eller i kanten av furumoen. Huvestadfolki laut Huve (rope) etter båt når dei vilde yvi åi. Namn som "Dalen" kann femne um eit vidt (langt) område. Men det kann ikkje eit namn som "Vøylen" eller "Roi". Slike namn er for berre småe og avgrensa område.

Slikt bør me koma i hug når me skal vurdere stadnamn - deira opphav, deira tyding og deira utstrekning!

Umlag midt uppe i Draumnuten - er det ei hylle i bergjet. Namn hev òg denne hylla. Dette er "Drøymesengi". Her låg risen når han kvilde. No er bilvegen komen, so han fær alli ro ti' å sova der lenger, risen. Difor er han heller alli å sjå no ti'dags.

Der - lengst inne i den ville fjellheimen so langt du kunde koma - der låg eventyrverdi, ei verd so langt undan at det var mest umogleg å gange so langt.

Og innimillom desse eventyrfjøddi låg dei vestlengste støypane i Telemark - Kjønnesviki, Kuskard, Vøylen og Vellbekkroi. Her var rikjet åt Guro og Sigrid og Hjördis (Aabø) som sat med krætur på desse støypane år etter år

gjennom eit langt liv. Det var livsgrunnlaget deira.

Ved austenden av Kjønnesvikvatnet (skulde vel vera Tjønnes-vik-vatnet) nedunder Berhøm-fjellet - som ligg i nord - og nedunder Draumnuten - som ligg i sud - der - i botnen av dalsøkkjet - ligg det ei liti flat glenne med ein bekk rennande gjennom. På denne litle sletta stend no ei einsleg hytte. Sletta (og hytta) vert kalla "VØYLEN".

Kjønnesvikvatnet er delt i tvo med eit smalt og grunnt sund millom. Frå det austre - (det minste) Kjønnesvikvatnet renn "Vøylbekken". Det er visseleg denne bekken som hev gjevi "roi" (sletta) namn - "Vøylbekkroi" som i 1896 er umtala som "Voilebekk-Roi" (på reinspikka sætesdalsmål"). Dette stemmer med både kart og terrenget slik veggen no ligg. Men dette namnet "Voilebekkroi" kann vera ei samanblanding av namnet "Vøylen" som er det vanlege namnet på staden - og namnet "Vellbekkroi". Ein sætesdøl i 1896 var visseleg ikkje serleg godt kjend i Telemarksheidane.

Arne T. Aabø fortel um - i eit bladstykkje i VTB for ei tid sidan - tvo smale sund i Lårdalheidi som heiter "Veilen" - tyder på at det er det same namnet som "Vøylen" ved Kjønnesvikvatnet det er tale um. Denne opplysningen som Aabø her hev komi med vil eg karakterisere som sers verdfull. Men når det gjeld "Vellbekkroi" - "ro" - det er som ordet segjer - ein stad der det er ro. Det er ei kró - helst burtgøymt frå umverdi - eller som Ivar Aasen segjer "ei kraa" dvs. t.d. "et hjørne" i et hus. Med andre ord - ei kró (ei krå) - ei "ró" -kann ikkje femne um eit stort vidt område. Skulde ordet verta nytta på slik vis so fell tydingen av ordet dermed burt. Det er i så fall missbruk av ord.

Med andre ord - "Vøylbekkroi" kan ikkje femne um meir enn det sterkt avgrensa området ikring bekken - eit område som hev tilknytning til nettupp det smale sundet som området hev namn etter - eit området som einkvan - eitkvart dyr eller menneskje - kann vera for sjaveseg.

Høgt ovanfor Vøylen - på ei lang og vid glenne i bjørkeskogen - godt avsondra frå både Vøylen og all annan bustad - skild frå Vøylen med ei bratt skogklædd lid - umlag eit hundrad meter i høgdeskilnad frå Vøylen - nedunder ei bratt lid - (Berhombuten) - der ligg den no longe nedlagde støylen - som bygdefolket til nyleg hev kalla "VELLBEKKROI".

Herifrå hev du den fagreste utsyni du kann

tenkje deg mot Førsvatn og Borsæ og den blånande viddi ikring so langt som ditt auga det timjast kann.

VELLBEKKROI var namnet på folke- munne. Ingen sa noko anna enn VELLBEKKROI i den tidi som eg budde og livde i bygd. Heller ikkje far min - som livde til 1980 - sa noko anna enn "Vellbekkroi". Stølsbui ser ut til å vera mange hundrad år gamal - mao. det hev vore stølsdrift der i uminnelege tider, og det var faktisk på det næraste slutt då eg - som fjortanåring flutte ifrå bygd i 1936.

Det segjer seg sjølv at namnet på glenna - på stølsvollen - på støylen, det vart ikkje til i "millomkrigsåri" som sume tykkjest tru. Namnet "Vellbekkroi" det hev visseleg fylgt staden frå glenna fekk namn for fyrste gong det kom menneski dit - og det var visseleg tidleg. Men no - kor lengje veit eg ikkje for visst - hev staden fengje namnet Velebekkroa - i både kommunale dokument og millom andre som vel helst må vera innflytjarar til bygd. Dei hev - som me veit - ein tendens til å taka med seg sitt eigi tungemål - i både skrift og tale - og soleis gjerne radere ut det gamle - og "utslitne" bygdemålet - og godt er visseleg det! Alt treng til litt modernisering - må vita.

Det er elles gjort freistnad på å vilja setje nytt namn på staden på anna vis òg - ved å hente fram namnet frå sætesdølen frå 1896 "Voilebekken"

Tydingi av namnet "Vøylen" - "eit smalt sund" - det må visseleg vera rett. Underleg nok so finst ikkje ordet i formi "vøylen" korkje i Norsk Ordbog av Ivar Aasen eller hjå Hans Ross. Men hjå Hans Ross finn me ordet "Veila" for "Fure paa Undersiden av Skier". (Henta frå Rendal). Som døme er vist til ei utsegn: "Veela er for brei för Skiia". Dette er faktisk det einaste eg hev funne som kann gjeva ei tyding av namnet "Vøylen".

Ordi "veil" og "veile" hev Aasen med, men då berre i tydingen "lyte". I den tyding hev Norsk Riksmålsordbok òg med ordet. Aasen viser dessutan til ordet "Føyra" som skal tyde det same, men då serskilt for tre - dvs. : "Sprække eller hul i Træ (især indvendig). Ordi "veil" eller "veile" tykkjest difor ikkje tyde berre sprekk, men heller skade eller lyte. Han nemmer serskilt ordet "føyra" - "Mærke efter Skår eller Stød i Opvæksten." "Porer, porøs eller hullet substans innvendig i veden". Ordet hev formi "fløyra" i Ryfylke, "Frøyra" i Telemark.

Jamvel um Aasen ikkje tykkjest hava med noko som skal gjeva "veil" eller "veile" tydingi "smalt sund", so er det som Hans Ross

hev teki med, og serskilt det som Aabø viser til um dei smale sundi i Lårdalheidi noko som er verdfullt å leggje merkje til. Her er det nettupp bygdemålet Aabø støder seg til.

Forfedrane våre var ikkje so i beit for å finne namn på stadar i terrenget. "Vøylen" er eit lysande døme på det. Eg viser elles til Eivind Vågslid som so tydeleg hev vist at det er naturtilhøvi på staden som - i eldre tider - hev gjevi stadene namn. Det gjeld òg for støyilsvollen på høgdi - "Vellbekkroi".

Naturtilhøvi på Vellbekkroi er nett slik at vatnet "vell" upp or marki. Ved den øvste hytta - som ligg mykje høgare enn dei hine hyttune - der det er ei oppkome. I retning derifrå og nedvi støyilsvollen er det ei stripe - eller renne - som ofte er vasstrukki. Og ende nedanfor bakkekammen mot sud (i denne renna) der er det ei olle som aldri tykkjestrjota. Der er det vatn for alle. Og ved hyttune nedanfor bakkekammen mot aust er det sameleis oppkomur for vatn.

Den bekkjen som tydelegvis hev runne i denne renna (stripa), men som longe er yvigrodd - slik som det gjeng med mange tjønna, vatn og bekkjir elles - med tidi - den hev komi beint ut or marki - den bekkjen hev vella fram or grunnen. Difor - noko anna namn på staden

enn "Vellbekkroi" - det er heilt utenkjeleg.

Mitt utgangspunkt for ei tidlegare utgreiding i VTB - um "Veile" - som kan tyde "stjert", "fiskespor", "narring" "setje fellur" eller "baktaling" det er like utenkjeleg. Tenkje seg til - "BAKTALINGSROI" ! Kven vil vedkjenne seg - enn segja leggje upp til strid - for å halde på eit sovori namn!?

Her må det heller ikkje vera ein "e" eller ein "n" for mykje (jft. Ivar Aasen). Det heiter soleis heller ikkje "Vøylen-bekken". "Vøyle-bekken" er visseleg nytta. Det er for å få ein betre rytme i ordet. Soleis som òg "Dal-åi" som til vanleg vert sagd "Dala-åi".

Når det so gjeld bygdemålsuttalen, ikkje berre bygdemålet - kann me feste fullt og heil lit til, men når det er ført so mykje dokumentasjon som i dette høvet, so tykkjer eg me skal koma i hug at det er serleg bygdemålsuttalen at me kann finna mykje visdom um mange stadnamn. Når det elles gjeld bygdemålsuttalen, so kjenner me til at dei gamle i bygd - dei tala eit tradisjonsrikt målføre som ikkje finn sin make andre stader enn i øvre Sætedal og i øvre luten av Vest-Telemark. Er det difor eit målføre som er sætande som eit målføre med lange og rike tradisjonar, so er det nettupp målet i Vest-Telemark. Me kjenner òg til


at den utvatningen av målføri land og strand rundt - den tok til med rettskrivingen av 1938 (eg er fødd i 1922). Seinare hev det gjengje slag i slag. Det sterkaste åtaket mot tradisjonelt målføre kom i 1959. At det enno i dag kjem sterke åtak på norsk skriftmål, og dermed på tradisjonelle norske målføri - og det frå ein kant som hev til fyremål å verne um "norsk folkemål" det er eit paradoks som er vandskelegt å fatte. Alt for mykje vert løynt i skuffar og skåp i dei offentlege kontori - slik at ålmenta ikkje fær augo upp for kva som gjeng fyri seg i dei offentlege irrgangane.

Hev Tokke kommune - kann hende - meir på samvitet som dei helst vil løyne? Bør dei ansvarshavande - i det fall - ikkje snart rette upp mistaki sine? Kann bygdefolket - i lengdi - liva med at deira folkevalde - og - ikkje minst - dei tilsette i den offentlege administrasjon - kann hende - gjerer gróvare mistak enn det som her er nemnt? Kann hende til og med - med noko som vedrører nettupp Vellbekkroi?

Kven vågar å taka på seg andsvaret for å segja at so ikkje er tilfelle?

## Vikingrock Europa rundt

Av Lars Moe



Mykje forvitneleg vikingrock hev kome til sidan sist. Nokre grupper eg tenkte eg skulde draga fram i dette høvet er finske Kalevalan Viikingit, svenske S.O.T. og polske Horytnica. Alle gruppene hev eigne Myspace-sidor som ein kann taka turen innum dersom ein er interessert.

Fyrst ute er finske Kalevalan Viikingit. Desse med gjeng rett inn i vikingrocktradisjonen med melodiose punk- og rockabillyinspirerte låtar - der temaet er finsk historie under det svenske herredømet og generelt livet som nordbuar. Dei hev ikkje kome med nokon fullengdar enno, men hev gjeve ut tri EP'ar på Living Dead Records, den siste er



"Boys from the North" og dei tvo fyrste er nys vortne gjevne ut på nyo under titelen "Working class vikings" - der du finn heile 11 spor. Sjekk dei ut på netstaden deira, <http://www.myspace.com/kalevalanviikingit>.

Det neste bandet eg vil nemna er svenske S.O.T. - som kom ut med plata "Sed och tradition" på Olifant Records i januar i år. Songane deira handlar um nordisk mytologi og patriotisme. Med tvo kvinnelege vokalistar representerar dei noko unikt innanfor den elles so mannsdominerte vikingrocken. Desse med hev Myspace-sida, <http://www.myspace.com/sedochtradition>.

Til slutt tek me turen til Polen, der det folkemusikkinspirerte punkbandet Horytnica



er verd å sjekka ut. Desse med hev debutert på Olifant Records, og titelen på den fyrste plata deira var kort og godt Horytnica. Etter introen, som er eit pianostykkje med torever i bakgrunnen, so brakar det laus med "Moj Hymn", som er bandet sin hyllest til fedrelandet Polen og den polske naturen. Andre melodiar tek millom anna fyre seg livet på gata og det harde livet åt polakkar flest, der makti er samla i hendene åt nokre fåe personar. Vokalisten syng med roleg og melankolsk røyst, som høver godt til musikken. Det er rock, men ikkje retteleg hardrock, og dei akustiske innslagi er aldri langt undan. Smaksprøvor frå plata "Horytnica" kann du finna på Myspace-sida deira, <http://www.myspace.com/horytnica>.



# B

PORTO BETALT  
VED  
INNLEVERINGA  
PP.  
  
NORGE / NOREG

ISSN-1503-2469

## Slaget ved Solskjel Av Trygve Orheim

Solve klove. Siste hovding nord om Stadt,  
som mot Harald Luva stridde.

Andre gongen,  
Solve hærbudd Harald møtte:  
Ved hans eine side: Arnvid, Sunnmørs-konge.  
Ved den andre: Arnbjørn, over fjordane han  
rådde

Byrge skip,  
med bundne stannar,  
Saman  
til ein fredlaus flote.

Folket finner sine plassar.  
Hærrop rullar,  
Striden byrjar!

Villt ho velter  
brynjers gråe masse,  
fram gå  
på daudens dag.

Slag eit retteleg slag!  
Det brusar i dei unge menn  
som her er med for fyrste gong.  
Og dei eldre, med si røynsle,  
høgg ned motmenn  
mest som grankvist

Visst dei veit  
at vegen aldri  
går til Hel si hustrne hall,  
om dei her sitt liv lyt late.

Slaget bylgjar,  
Uvisst er det,  
kven som siger fær i hamn.

Menner fell for kvasse stål,  
i ein eim av blod og sveitte.



Men, so bykser brått or rausni  
på sitt stamne-bundne skip,  
Harald.  
hovding for dei nye tankar.  
Tenkt av møy  
som truskap nekta  
før han heile riket samlar.

Snøggm ot bord i Arnvids skute,  
som eit uver inn frå vester,  
som ein brotsjø over tilje.  
Vill som bundne bjørnen,  
som brått rykkjer av sitt band.  
Vesal vanleg viking vart,  
imot villmann med sin manke.

Høgt han gaular,  
høgg og stikk.  
feller kongen over Møre.

Vel den ville hærmann visste  
at hans eige sverd  
i denne stund,  
hans fylgje førte  
fram til siger,  
eller fall ---.

Fordane og Møres makter  
misste sine styringsmenn,  
i den harde hærmanns leik;  
i det store slag ved Solskjel.

Solve flyr for andre gong,  
i sin kamp mot kongen Harald.

Likt eit torever som tagnar,  
sluttar slaget.  
Siste piler small  
mot halvdaud hærmanns brynje.

Raud var sjøen  
kring om strender;  
just ved Solskjel,  
denne dag.

Ein gong  
byrge bause skuter;  
no av slaget hardhendt merkte.  
Ut på havet sakte sigler –  
der dei brende vert;  
med si last av daude menner ---  
som i samla fylgje for,  
heim til Valhall.  
Fallne hærmenns høge heimstad.

*Målmannen treng folk som skriv høg-  
norsk. Kom gjerne med stykkje og inn-  
legg til bladet!*

**Attende til: Målmannen, Njårds veg 10, 2214 Kongsvinger**

### Sluttordet:

*Skal alle ganga med kvite hender,  
so kjem det armod i mange  
grender.*

**Ivar Aasen**